

# Kjøt og kjøtmål



Grisen blir slakta. Foto frå Håland i Varhaug, truleg i 1920-åra.

Den kjøtmaten som blei tillaga om hausten skulle vara mest eit år - til neste slaktesesong. Før fryseteknikken si tid måtte kjøt og fisk konserverast ved hjelp av salting, røyking eller tørking, eller ein kombinasjon av desse metodane. I strok med stabile, kalde vinrar kunne dei fryska kjøt i snøen, men dette kunne ein ikkje lita på i vår del av landet.

Kor mykje kjøt kvart enkelt hushald slakta kunne variera bygdene og hushalda imellom. Dei indre bygdene brukte nok litt meir kjøt enn strandgardane der tilgangen på fisk var større. Men personleg økonomi og gjerrigkeit/rasheit spelte også inn.

Grøn reknar med at så seint som i 1865 var kjøtforbruket berekna til kun 6 kilo åleg pr. innbyggjar.<sup>85</sup> Dette kan synast i minste laget når stortingsmelding nr. 32 refererer til at kjøtforbruket i 1890 var ca. 44 kilo pr. innbyggjar pr. år.<sup>86</sup> Det er same nivå som i 1973. Både i 1930-åra og i 1950-åra var tilsvarande forbruk omlag 10 kilo mindre.

Når det gjeld kjøtforbruket på Jæren fortel Hatteland at i Klepp kring midten av 1800-talet var det, til

eit hushald på 6 - 8 personar, vanleg å slakta ei utlevd ku og 4 - 6 sauar eller lam.

Då må ein hugsa på at den gjennomsnittlege slaktevekta for vaksne sauar før 1850 ikkje var meir enn 12 - 15 kg. Slaktevekta for lam var neppe stort meir enn 8 - 10 kg.<sup>87</sup> I 1917 reknar statskonsulent Jon Sæland at ein saueskrott etter slaktinga vog omlag 20 kg, men då kom hovud, feitt og innmat i tillegg. Mange slakta og ein gris. Den vog kanskje 80 - 90 kilo. Jamt over skulle dette gi tre kjøtmiddagar i veka.

Når det leid fram mot neste slakting kunne nok kvaliteten på kjøtet bli heller tvilsam. Særleg det gamle kukjøtet var vanskeleg å få ned. "Det var stundom so seigt at dei laut koka det to gonger, ein halv dag kvar gong, fyrr dei kunde eta det".<sup>88</sup> Ikkje rart at folk i eldre tid meinte at maten blei drygare jo eldre han var! Elles samsvarar Hatteland si framstelling langt på veg med informantopplysninga frå sist på 1800-talet og først på 1900-talet. Frå sauebygda Gjesdal blir det m.a. opplyst at:

"Heime slakta dei ein sau til kvar vaksen. Men lammå vart nok selde. ---- Her på garden slakta dei helst gamle sauar. Dei torte ei evighet å koka. For dei selde det besta, og tok det ringaste sjølv."<sup>89</sup>

Opplysingane spriker med omsyn til om dei selde

sauene eller lamma. Frå Klepp, der sauehaldet var mest til husbruk, fortel ein at "Ja, ja, me hadde lidevettar me selde au. Me hadde fem-seks sauar, så me hadde helst bara til husbruk.... dei gamle selde me. Me tok lammå, og så selde me dei gamle."<sup>90</sup>

Andre fortel at "...Det var møyje det når me selde lammå, så fekk me heim håva og føtene."<sup>91</sup>

Dei som ikkje hadde sauar sjølv kjøpte vanlegvis noko saueslakt. "Og så vett du me kjøpte jo lam og sånt. Eller rettare sagt, sau. Så me brukte masse fårkål og frikase og sånt."<sup>92</sup>

Sjølv om storparten av kjøtet blei salta, prøvde mange å få noko ferskt kjøt til julehøgtida. Hadde dei gris, skulle den helst slaktast rett før jul. Fleire fortel at til jul (juledag) skulle det vera grisesteik eller grisreibbe. Frå Time melder NEG sin heimelmann at:

"Her brukar me å slakte "til huset", som me seie, i oktober. Det er helst gjeldsmale eller lam som vert slakta og salta ned og det skal vere til neste haust. Gris som skal vera til hushalde, vert ikkje slakta før veka før jul."<sup>93</sup>

Ei heimelskvinne oppvaksen sør i Hå skriv at "Den egentlige høstslaktingen foregikk i slutten av oktober eller først i november. Så blir det like før jul slaktet en gris, en kalv eller en sau."<sup>94</sup>

Det hende og dei slakta kalvar i løpet av året. " --når dei hadde dei kalvane, så fekk dei nofe ferskt kjøt fleire gonger til året enn når dei slakta sauene eller dei grisene om hausten."<sup>95</sup>

## Slaktedagen

I gammal tid måtte ein vera nøye på tidspunktet ein slakta. NEG-materialet viser at alle informantane der var kjende med at slaktinga burde føregå på flo sjø og veksande måne. Men desse førestellingane mista taket på folk allereie før århundreskiftet.



Grisen blir skolla. Foto frå Håland i Varhaug, truleg i 1920-åra.

"Nei, dei slaktar når det passar. Annenleis var dæ i min ungdom og opp til 1890-åra. Når ein skulle slakta gris måtte det vera i sitjande måne og flo sjø, for då skulle fleskje auga i kogje og bustene skulle gå best av."<sup>96</sup>


Ingen av dei som nå er intervjua refererer til slike førestillingar. Slaktedagane var travle dagar. Tilliks med bakedagane var heile hushaldet involvert, og ofte var det noko innleigd hjelp i tillegg. Sjølv slakting var mannskarbeid. I somme familiærslakta dei sjølv. Andre hyrde inn ein mann i nabølaget som gjekk rundt på slakting. Somme leigde også inn hjelp til å ordna slaktet.

Frå Klepp blir det fortalt at avlivinga av sau eller lam føregjekk slik: "Bedøva dei med slag i skallen, tappa blodet ved bringestikk, flådde og tok ut innmaten straks."<sup>97</sup> Somme stakk også dyret i halsen.

Det galdt å samla opp blodet og røra godt slik at det ikkje "levra seg". Det arbeidet fall på kvinnene, eller borna: "Me som var minst og ikkje kunne så mykje, me vart sette til å venda tarmane og vaska dei, og så røra blodet."<sup>98</sup> Dyra blei lagde på ein krakk, sauar og lam blei flådde. Somme fortel at grisene blei heisa opp med steinbukk. Grisen måtte også skoldast.

"Me hadde eit gammalt eldhus heima, så me varmde jo det vannet som skulle brukast til skolding."<sup>99</sup>

Slaktet skulle så "gjerast opp" eller parterast. Det var helst mennene som delte opp dyret, sjølv om kvinnene ikkje var heilt hjelvpause: "Eg kan godt dela opp ei halve gris og ein heile sau. Men det er godt når dei



Lammet blir slakta, Jon Obrestad og Dagmund Bernszen i aksjon. "Kjøtdag" på Jærmuseet hausten 1998.

(mennene) er med og sagar litt."<sup>100</sup>

Vanlegvis var det kvinnene som tok seg av den vidare bearbeidingsa av slaktet. Forutan kjøtet, nyttja dei både hovud, føter, feittet, innmaten og blodet til ulike rettar. Dei som ikkje hadde særskilt eldhus eller brunnhus heldt til med grovarbeidet i kjellaren. Men laging av "finare" kjøtmat, som t.d. pølser og medisterkaker, kunne føregå på kjøkkenet. "Det var slaktaren, og det var kona (innleigd). Ho og jentå, dei var i brunnhuset, eller eldhuset som me sa, og stelte med tarmar og innmad og slike ting. Og på kjøkkenet, der var mor og ei faster... Dei stelte med den finare kjødmaden. Med maling og laging av pølsa og medisterkage og alt slikt noe."<sup>101</sup> Men det er og dei som hugsar at faren laga morrpølsa.<sup>102</sup>

Eit særleg arbeid var det å sortera innvollane. Milt

og gallebløra blei kasta. Opplysningar om kva som elles blei kassert varierer noko frå informant til informant. Det skilde òg kva dyr det dreia seg om. Den innmaten som skulle nyttast til mat blei samla i hop i ein stamp. Storparten av innmaten skulle brukast til pølse.

Så måtte tarmane sorterast, eller "hanka tarmane" som nokre uttrykker det. Tarmane var oppbundne i det dei kalla for ein "krage", d.v.s. at dei måtte riva laus tarmane frå bindevevet som heldt dei på plass. Tarmane blei først "løyba"; dvs. at dei hadde tarmane oppi litt varmt vatn for å rensa dei betre. Dei blei så skyldde, vrengde og skrapa. Dei som hadde fått innlagd vatn, skyldde tarmane under springen.

I eldre tid måtte dei kanskje til bekken for å skylda tarmane. "Og så vett eg me var nede i bekken, der så kvednane var, og der var me og skylte tarmar og alt, om vintaren i måneskinet..." hugsar ein informant som gjorde dette som småjente.<sup>103</sup> Tarmane blei deretter lagde i saltvatn, kanskje eit par dagar, til dei skulle brukast. Dei tjukkaste tarmane til blodpølse, dei andre til morrpølse.

Ingen ting på dyret måtte kastast. Det som ikkje kunne brukast til mat, blei nyttta til andre ting. Mindre godt feitt brukte dei for eksempel til lys, seinare også til såpe. Skjåen på kuvomba blei nyttta til lykteglas. Og vassblæra til grisene kunne jamvel bli til fotball: "Først tok slaktaren vannblæra, vaska og vrenge den, tok vekk alt fett, så blåste han den opp, knytte rundt ein tråd, og guttingane hadde fotball!"<sup>104</sup>

## Bytte mellom naboor

Somme av informantane museet har intervjua fortel at dei bytta ferskt kjøt med naboane: "For så fekk dei noige ferskt fleire gonger enn bara når dei slakta sjølve, så var me rundt og bar til den eine og den andre. Alle skulle få noige. --- Så fekk eg igjen av dei andre. "Smag", heitte det. --- Det var ikkje alt som kom i tynnå."<sup>105</sup>



Dagmund Bernsseth instruerer publikum om sortering av innvollar og bruk av innmat på Jærmuseet hausten 1998.

Mest galdt nok dette blodet, fordi dette måtte brukast ferskt. "Og så var det rundt på garden å levera blod og ein liten fleskabete og sånn"<sup>106</sup> "Det var veldig spennande på garden når dei slakta. Så då venta me på blodkomle, for det va det besta me visste."<sup>107</sup>

## Salting og salt kjøt

Me har tidlegare referert til at folk i eldre tid var lite fortrulege med ferskt kjøt. Desse motførestellingane var nok i stor grad økonomisk motiverte. Ein informant frå Høyland (f.1891) fortel at endå kring århundreskiftet blei det bruka svært lite ferskt kjøt. Dersom det då ikkje var særlege familiehendingar som skulle feirast: "...det (kjøtet) skulle helst i "kjøttønna" først ei tid, ellers vart det for udrygt. Fersk kjøt var så lite bruks, at eg hugsa lite til det. .... Skulle dei steika det i heile store stykker i gryta, var det noko sers som stod på, "barsøl", konfirmasjon., brullup, høgtid eller familiefest. Dette var ferskt kjøt."<sup>108</sup>

Storparten av kjøtet blei salta i tønner. Vide klesstampar eigna seg därleg til salting. Kjeralda burde vera høge og smale. Då blei kjøtstykka lagt oppå kvarandre slik at kjøtet ikkje blei lakabrent. Når det for eksempel kom luft til flesket blei det gult. "Det var sånn ei eiketytta, med svære bånd på. Det var spesielt til salting," fortel ei.<sup>109</sup>

Salttønnene måtte gjerast godt reine. Hadde dei først fått sursmak i tønnene, var den vanskeleg å få bort, og det nye kjøtet kunne smaka surt. Mange kokte einer (einerlog) når tønnene skulle reingjerast. Andre

seier dei brukte vanlegt såpevatn eller sodavatn. Saltinga skildrar ein informant slik:

"Ja, det var først å ha salt, (grov salt), et tjukt lag med salt i botnen. Så la dei kjøtet fint lagvis nedi. Og så var det nytt lag med salt, og så la dei oppå sånn vidare. Og så lagte dei saltlage. Den skulle vera så sterke at eit egg eller ein stor potet flaut oppå i saltlagen. Og så tømde dei den på. Og så måtte dei leggja fjøler oppå og press så ikkje det kom luft til, for då blei det harskt."

I andre samanhengar har ein sagt at laken skulle vera så sterk at den skulle halda ei potet med ein 3 eller 4 toms spikar.

## Kjøt og suppa

Mesteparten av det salta kjøtet blei brukt til kjøtsuppe eller kokt attåt komla. "Me hadde ertersuba, alminnelig kjødsuba og komla."<sup>110</sup> "Salt kjøt og suppa" er tradisjonell middagsmat. Dei brukte både sau og gris til dette, alt etter kva dei hadde mest av. Men dei brukte kanskje meir grisekjøt og griseknokar til ertersuppa. På salt kjøtsuppe hadde dei mykje havregryn eller bygg-gryn, og ulike grønsaker. Vanlegvis blei potetene koka i suppa i lag med kjøtet. I eldre tid hadde dei nepe, kålrot og pastinak, men mange på Jæren dyrka også gulrøter på 1800-talet. "Grønsakene tok gjerne slutt bortpå nyåret og då vart det bare gryn i suppa. Salt svinekjøt og svineknokar vart det mykje koka erte-suppa på."<sup>112</sup> Mjølboller, såkalla "klimper" blei brukt både i salt og fersk kjøtsuppe.

“.....Og eg trur me fekk cirka fem klimpe kvar. Sånn små. Det talde me ungar voldsomt på kven som fekk mest. Og så tok ein nogen skeie av suba først. Og så sette ein den til sides. Og så hadde en potete og kjød, skar det opp, og så auste me då av subatallerken rett oppå den (flate tallerken).... Og så flatbrød”<sup>113</sup>

### **Sidekjøt eller “pinnasteik”**

Lår og sider av sau eller lam blei mykje tatt opp og tørka. “Og så når det hadde leie litt i salt, så vatna dei det litt og hengde det opp. --- Alle sidene hengde me opp.”<sup>114</sup> Både frå Høyland, Gjesdal, Time og Hå har me opplysningar om at slikt sidekjøt blei steikt - opp-havleg på spidd. Uttrykk som “glosteikt kjøt” eller “pinnasteik” har også blitt nyttta om dette.<sup>115</sup>

“Sidekjøt og det kjøtet ein kunne skjera i skiver av låret, vart anten steikt i panna, eller på eldtonga på glør i gruva. På same vis var det med pølsene. Dei vart sjeldan koka.”<sup>116</sup>


Frå Bjerkreim har me ei meir detaljert skildring av korleis denne steikinga føregjekk: “Sidesteik og lårsteik vart steikt yver open eld eller helst ein glohaug. Dei stakk då sidebeini, lårsteik eller morrpølsa inn på ein steiketein og heldt dei yver elden tildess feitet tok til å bræda. Då heldt dei teine med steiki nedpå ein brødleiv. Denne saug då feitet i seg, medn det er sjølv sagt at eindel feit gjekk til spilde i elden.”<sup>117</sup>

Dei eldste informantane meiner at slikt glosteikt kjøt blei mykje nyttta på julafta.

“Dei som ikkje hadde smalaføter steikte smalaribbe

enten på panna eller på spidd. Attåt åt dei poteter og flatbrød.”<sup>118</sup> “Dei som ikkje hadde saudeføter eller forlite av desse, til dømes om dei hadde fått uventa julegjester, brukte saureibbe. Dette at husfaren steikte kjøtet på spid er kjend frå gamle tider, men er gått av bruk. Nå steikes desse på alminneleg steigepanne. Der skalde flatbrød og poteter til.”<sup>119</sup>

Andre seier at kjøtet blei steikt i jerngryte. Ein informant frå Klepp meiner at der er det ikkje tradisjon med pinnasteik.<sup>120</sup>



Salta saureibbe hengd opp til tørk i Kviahuset.  
I tidlegare tider steikte dei ofte den salta og tørka saureibba (sidekjøt) på glo i grua, ”glosteik.” Seinare brukte dei å steika sidekjøtet i jerngryte eller på steikepanne.

At steikt sidekjøt skulle vera særskild høgtidsmat er ikkje alle einige i: “Nei, eg minnast ikkje at glosteikt kjøt skulle brukast til helgene. Det var ikkje sundagsmat i det heile.”<sup>121</sup> Men ein informant, f. i 1912, meiner dei hadde sidekjøt til jul “--- eg trur beint fram at somme tider hadde me sånn sie av det me kalla pinnakjøt nå. Det var siå av sauens eller lamme. Steikte det, trur eg. -- eller i gryta. Hadde dei nok i ei gryta (jerngryta).”

Ein annan informant fortel at ho alltid serverte havregrynssuppe til denne retten, + poteter og kålrotstuing, men dette var ikkje på julafta.

### **Spekelår og spekesinker**

Sauelåra blei vanlegvis salta og tørka. Nokre røykte spekelåra, andre berre salta og tørka dei. Hatteland forklarer at somme hengde lår og bogar opp i kjøkenet framføre skorsteinen. Dermed blei dei røykte. Andre likte ikkje den røykte smaken og hengde dei difor opp på loftet med det same.<sup>122</sup> Dei som hadde gris brukte å røyka den eine skinka.

Seinare blei det muleg å levera slakt til røyking, m.a. på Bryne: “Me røykte heile grisen. Og sidene røykte me, og skinkene, og bogane. --- Då hadde me veldig god plass oppå loftet. Der var luftig og godt opp trappa. Der hang det fullt, det var som et slakthus.”<sup>123</sup>

Andre informantar fortel at dei røykte delar av grisien: “Den eina skinkå salta me, og den andra vart sendt til røyking.”<sup>124</sup>

Sjølv om det hende folk skar seg nokre skiver berrt

spekekjøt, blei spekekjøtet vanlegvis koka eller steikt til middag - enten på glo som tidlegare beskrive, eller i panna, og ete med flatbrød og poteter.

“.....det var ytterst lite av spekemat (røykt kjøt hadde me ikkje heime) som vart bruka som det var, utan det vart steika eller koka. Å laga til ein middag på kaldt spekjkjøt som ikkje hadde vore over varmen, trur eg ikkje hende nokon gong. Men å ty til ei skive spekjkjøt, når det til middag vart for lite av anna kjøt, kunne gå an. Ein kunne også skjere seg ei skive kjøt som ”trøstespising” på økta, når ein gjekk framom kjøtlåret på kjøken eller loft.”<sup>125</sup>

### **Ferskt kalvekjøt, »smått kjøt»**

Hatteland meiner at kring midten av 1800-talet blei kalvane helst alte opp eller selde til Stavanger, for bøndene lika ikkje kalvekjøt. Kanskje skuldast dette den mistrau mot ferskt kjøt som me omtala innleiingsvis? Men det var nok heller trøngen for kontantar som var avgjerande: “Nei, dei vart som regel alltid selde, dei kalvane. . Som regel måtte dei selja, for å få pengar for det.”<sup>126</sup> Først på 1900-talet var det likevel mange bønder som slakta kalvane til eige bruk. Etter 2. verdskrigen blei det betre pris på kalvekjøtet, og dei selde fleire kalvar. Dermed fekk ein mindre ferskt kjøt.<sup>127</sup>

Bruk av spekalv har lange røter i norsk mattradisjon. Kalvar som ikkje skulle ”setjast på” blei slakta berre nokre dagar gamle. Stigum nemner t.d. at dei kokte innmat, rygg og sider av spekalvane og laga ”suss.”<sup>128</sup>

Dette minner helst om "smått kjøt" eller kalvedans:  
*"Ja, dei meste kalvane vart slakta ganske små, bara nogen få dagar. Det var sjeldan dei åt dei. Dei åt avfallet. Det færde dei til smått kjød av."*<sup>129</sup> "...me lagte jo noge som me kalte kalvadans då. Det var småplokk av hâve og slike noge smått kjød. Så vett du det kalvasø det storkna som gelè det. Så det skar me og la på skjevd."

Dersom kalvane blei alta opp og selde som slakt, var det ikkje uvanleg å få heimatt avfallet - lever, hjarte og hovud (med tunge). Dette laga dei til som eit slags sausekjøtt som også blei kalla "smått kjøt".  
*"Og det kallte me for smått kjød. Hakka det i småbeda og så lagde du brune saus på det."*<sup>131</sup>

Alte dei opp kalvane til seg sjølve blei kalvekjøtet nyttta ferskt, kokt eller som steik. *"Ja, det brukte me vel som steig og som kokt. Eg trur me hadde kjøt og suba på det og, sånt så vanlegt."*<sup>132</sup>

Ein informant fortel òg at dei laga karbonader. *"--sette opp ein kalv, og fekk lagt opp pølsa og resten kjøtdeig. Men det kunne du ikkje laga anna enn at du kunne ha det eit par dagar."*<sup>133</sup> Elles slakta mange ein okse når dei skulle feira store hendingar - som t.d. bryllaup.

## Blodmat

Blodet brukte dei ferskt til blodkomle, blodpølse eller blodpannekaker. Når dei fekk steikeomnar kunne dei også laga blodpudding. Dei nyttta blod både av sau og gris. Både i blodkomla og blodpølsa brukte ein frå gammalt sammalt byggmjøl, seinare også grynmjøl (sikta

byggmjøl) eller kveitemjøl. Nokre brukte i tillegg ei blanding av kokte og raspa poteter både i blodkomle og blodpølsa. Andre hadde ikkje poteter i blodpølsa.<sup>134</sup> Ofte hadde dei "dott" i blodkomla, av nyrefeitt eller av "neggjå". Også i den øvre blodmaten hadde dei i hakka feitt. Det var heller ikkje uvanleg at dei hadde i rosiner i blodmaten.

*"Ja, dei (komlene) som det er rosiner i, då hakker me fettet smått sundt, og lager flate komler. Så er det skjel på dei når dei skal serverast."*

Av krydder i blodmat er nemnt både pepar, allehånde, nellik og ingefær, om ikkje alt på same tid. Laga ein blodkomle med dott, skulle denne komla vera noko større enn ei vanleg komle, om lag så stor som ei jaffa-appelsin.<sup>135</sup> Blodpølsa hadde ein blautare konsistens enn blodkomlene. Nokre hadde og litt mjølk i blodpølsa.

*"Og så kokte eple oppi dette, sånn så du fekk en litt sånn mjuge, blaude konsistens. Ja. Og det var mjukare enn komlå. For det var så mjukt at me kunne ikkje lagt det til komla, for då hadde det antagelig regje utover."*<sup>136</sup>

Som nemnt brukte ein dei tjukkaste sauetarmane til blodpølsa. Alternativt kunne ein sy posar av stoff. *"Oppi enten tøypåse, eller om dei hadde - det måtte være tjokktarm eller noge sånn. For det var tjukkare. Men eg trur jedna dei sydde nogen tarmar av stoff som dei hadde det oppi."*<sup>137</sup>

Når dei skulle fylla tarmane, brukte dei pølehorn og auste oppi det ferdig utblanda blodet. *"Ja, ja, du auste det med ei skei oppi. Me hadde jo dei der pølsehådnå."*

Både blodkomle, blodpølse og blodpudding var middagsmat. Blodkomla kunne serverast saman med kjøt og smalahovud, eller åleine. Men då skulle det vera godt med feitt i ho. Var det nettopp blitt slakta hadde dei gjerne ferskt, lettsalta flesk til. *"Og då når ho (mor) hadde kokt det flesket, så la ho det oppi ein liten saltlage då, ein times tid før me spiste."*

Ein heimelmann nemner òg at dei kunne ha litt syltetøy eller sukker til blodkomla eller blodpølsa. Som drikke attå blir nemnt både skumma mjølk, saup eller sur mjølk. Blodpannekaker blei derimot helst bruka til andre måltid – som supplementeller erstatning for brødmat, gjerne med smør, sukker, syltetøy eller sirup på.

## Innmat og morrpølse

Informantane har litt forskjellige meningar om kva delar av innmaten som blei nyttta, og korleis. Men dei er samstemte om at storparten av innmaten blei nytt til pølser. Ein informant frå Høyland opplyser at i eldre tid blei det laga to slag pølser: "morrpølsa" og "god pølsa" (kjøtpølsa): *". ....Største deigen vart det vel til mårpølsa. I denne gjekk vom og tarmar som ikkje vart nytt til anna bruk, velen(matrøyret), barkjin (luftrøyret), og nyrene med noko feitt. Til god pølsa gjekk hjarta, "bres" og vakjer(?) i hals, og bringa av blodut kjøt. Blodmage, lever, lunge og milt av sau vart kasta. Pølsedeigen vart salta og krydra noko."*<sup>138</sup> Heimelmannen legg til at nå (i 1960-åra) blir både lever og lunge nyttta som folkemat.

Når det er tale om innmatpølse, tenkjer dei fleste på morrpølse av sau. Fleire seier at tidlegare brukte dei ikkje innmaten av gris, berre leveren. Lever av gris, og kalv, nyttta dei då som ferskt kjøt. Seinare brukte dei også anna innmat av gris.

Opplysningar frå dei personane museet har intervjuat kan tyda på at seinare skilde ein ikkje mellom "god" og "dårleg" innmat. Dei snakkar om "innmatpølse" og "kjøtpølse" – den siste er det ikkje innmat i. Som ingrediensar i morrpølsa nemner dei hjarte, lunger, magesekk / mellomgolv og litt kjøt av "det simpla på sauene".

Innmaten blei først "løyba"; d.v.s. dei hadde den opp i litt varmt vatn for å rensa den betre. I eldre tid blei innmaten hakka i bitar med ein særskild kjøttkniv, ei skarpslipt spade eller tømmermannsøks. Dei hadde ei særskild "hakkablokk" til dette. Dette var mannfolkarbeid. Mot slutten av 1800-talet begynte folk å skaffa seg kjøttkvern, og pølsedeigen blei no meir finmolen.

Først brukte dei eit pølsehorn av bein og stappa pølsene for hand. Når kjøttkvernene kom, fekk ein særlege pølsehorn av metall til å skrua på kjøttkverna, og som ein kunne trekka pølsetarmane inn på. Når pølsene var ferdig stappa, var det mange som "prikka" dei med ein gaffel eller anna kvass reiskap for å få ut ev. luft.

Morrpølsene blei tredd innpå ein pinne og hengd til tørk, gjerne i kjøkenet ved omnen. Nokre likte best røykt morrpølse, andre berre tørka henne.

"... oppføre komfyren på kjøkken, der hadde me altså noe med kallte for pølsepe'en. Ho (morrpølsa) bara hang der.....Me røykte den ikkje. Ho bara torka. Veldig god plass å ha det hengande."<sup>139</sup>

Andre fortel at pølsene blei hengde på "høgaloftet", eller på eit kott eller kvist med vindaugen ope, slik at pølsene skulle tørka godt. Dei som lagar og røyker si eiga pølse i dag fortel at dei helst nyttar rá einer til dette, då blir det ikkje så lett flammar. Røykinga kan stå på eit par timer."Så blir det ganske rødt og fint, akkurat så dei kjøperøykte"<sup>140</sup>

Folk som ikkje hadde så mykje slakt sjølve, kunne få heim avfall frå slakteria. "Nei, det var ikkje så titt me slakta, men me fekk heim avfadl. Og så lagte me morrpølsa. Og håve og føde."<sup>141</sup>

Dei som budde nær "byen" fann etter kvart meir lettvinne løysingar:"Dei bringde varene til byen og fekk den (pølsa) lagte der", fortel ein informant frå Randaberg.<sup>142</sup>

Dei fleste brukte å steika morrpølsa til middag. Storparten av pølsa blei brukt opp i løpet av seinhausten. I eldre tid blei ho steikt på glør i grua, seinare i steikepanna. Hatteland nemner at om hausten kunne dei brukta morrpølsa kokt i havregrynsuppe til kokemat om morgonen. Nokre brukte morrpølsa til "lukke" i komla – i staden for "dott". Eller morrpølsa blei kokt i lag med komla. Fleire snakkar om at mora koka "pøllesuppe".

## Kjøtpølse


Eit par av dei eldste informantane fortel og at dei laga kjøtpølse av gris: delar av føtene (leddet ovanom sjølve syltelabbane) og diverse smått kjøt som dei skar vekk blei brukt her. Pølsene blei hengde opp ved grua på eit riveskaft.<sup>143</sup> Ein annan informant (f.1905) fortel at ho salta pølsene:

"Ja, me lagte pølse, det vett eg. Så det var litt av grisen, og så var det oksekjøtet. Og det "mol" me fleire gonger. Og så hadde me krydder i, og så stappste me det i tarmar. ..Ja, me hadde litt sånn konservering i, sånn noe salpeter, lite "bitte grann" bare. Og så salta me det ned. Og så tok me det opp og la det i vatn, og så kokte me dei der. Og det var veldig godt å ha attåt til komle eller kva me gjorde... Ja, og mange av ungane ville ha det helst både til den eine gongen og den andre gongen..."<sup>144</sup>

## Rullepølse

Rullepølsa blei for det meste laga av sauekjøt og feitt. Ein nyttar tynnsida eller svangane på sauens. I tillegg brukar ein oppdelt feitt, helst av "neggjå" og kjøt. "Det finaste nyrefeitet vart brukta i rullepølsene."<sup>145</sup> Hatteland opplyser at dei også brukte tynnvomba av ku, pluss noko neggja-feitt. Mange brukte i tillegg kjøt av bogane. "Og då tok ho (svigermor) ein bog, snitta den av, og lagde det i sålles strimla. Og så la me feitt og kjød sånn ommadom."<sup>146</sup>

Det er ulikt kva krydder folk brukte i rullepølsa. Hatteland nemner salt, allehånde og anis.



Rullepølse.

ut før ho kunne kokast. Koketida var ca. 2 1/2 til 3 timer før den blei lagt i press.

Opphavleg var rullepølsa middagsmat, gjerne sundagsmat eller festmat. Ho blei då koka i lag med erte-suppa eller kjøttsuppa. Kokte dei rullepølsa i lag med kjøttsuppa, brukte somme klimper i suppa.

"Dei tider, då hadde me den til middag på sundagane. Og svigerfar ..... skulle alltid til kyrkja på sundag, og så skulle me ha rollepølsa og kjødsuba når han kom hjem, med bollar på."<sup>148</sup>

Men rullepølsa kunne og brukast som pålegg. "Jau, det kan godt treffa me brukte (den til) pålegg viss me fekk noe ekstra fremmande eller noe. Du vett, me hadde nå ikkje noe kjøla."<sup>149</sup>

## Sauehovud/»smalahåve»

I eldre tid blei sauehovuda svidde også på Jæren. Hatteland fortel at hovuda blei køyvde, så reinska dei ut hjernen og nasebeinet, skolla håra på mulen og rista sauahovuda på ei jernrist over svak eld.<sup>150</sup> Men i manns minne har det vore vanleg at sauahovuda på Jæren blir flådde.

"Me brukte aldri skinnet på."<sup>151</sup> "Håvene flådde me jo, sånn så me gjer her på disse kantar."<sup>152</sup> Hovuda blei reinska godt, lagde i saltvatn med litt sukker oppi for at blodet skulle trekka skikkeleg utor, og så salta.



"Smalahåvene" blei mykje brukt attåt komla. "Alltid til komlå. Eg kan ikkje huska me brukte dei til noe anna. Så då var det et halvt håve som låg på fatet, som me begynte å grava i. Dei grov det ikkje opp, så augene

*låg og kjikkte.*”<sup>153</sup> Eller det blei koka kjøttsuppa på dei. “.. Eller rett og slett kjøttsuppamed grønsage og risengryn i. Og klimpe, som me seier. ... Og det var mykje av tida søndagsmat.”<sup>154</sup>

Ein informant fortel at dei ulike familiemedlemene ville ha kvar sin del av sauehovudet: “Mannen, han måtte ha det feita han. Og ungane, dei ville ha tunga. Og eg fekk sidekjøtet.” Nokre laga “håvekjøt”: “Då plukkte me kjøtet, og brunte løk, og hadde salt og peppar på. Og så blanda me egg og melk og slo det over. Så det blei mest som ein omelett.”<sup>155</sup>

Både smalahovud og smalaføter var rekna som billeg og simpel mat. Fleire informantar fortel at dei selde kjøtet, men fekk heim att hovuda og føtene. Andre fortel at dei kjøpte dette når dei var kjøtlens.

“Det hende dei var kjøtlens og det ikkje høvde å



Bjørg Time flår smalahovud og får hjelp av Sigrunn som er på besøk frå Sørlandet. Time 1983.

Tillaging av smalahovud i Time i 1983. Per Time kløyver smalahovuda med øks.

*slakta noko dyr, så kunne dei kjøpa ein sekk med lammahovud frå slakteria.*”<sup>157</sup>

Ein annan informant hugsar at om haustane kokte dei suppe på ferske lammahovud:

“Men om haustane når dei begynte og slakta lam, så var det veldig godt te kjøba håve - fekk kjøttsuppa på dei. Me måtte helst få dei færigt flådde. ... Me la sauahåve oppå fadet. Og der var tungå på eine halvdelen. Så serverte me suba te i tallerkar. Det va herlegt. Nye ferske lammahåve, nye eple og så nye gulerøde. Så hadde me flatbrød te .... ja, havrabrød.”<sup>158</sup>

Hovud av ku blei også flådde og salta og brukte attåt komla.

### Smalaføter og mørja

Om nokon matrett kan definerast som “nasjonalrett” på Jæren, må det vera smalaføter og mørja. Den vanlegaste framgangsmåten på Jæren var at føtene blei skolda. Det var viktig at ein ikkje hadde for mange føter i gryta samtidig. Vatnet burde halda 63-64°. Var det varmare, blei føtene seige. Dersom ein hadde føtene litt i varmt vatn på førehand, skulle dei berre ha nokre minuttar i gryta. Etter skoldinga skulle føtene skrapast. Kniven burde vera litt sløv, slik at dei ikkje skar hol i skinnet.

For å få vekk dei siste restane av hår, kunne dei til slutt svi føtene. I eldre tid føregjekk dette vanlegvis i brunnhuset. Dei fyrte opp i grua eller komfyren, la eldtanga over holet der brunngryta brukte vera og la føtene over eldtanga. Nå brukar dei helst propangass til dette.


Smalaføtene blei så salta og tørka. Oftast blei dei hengde ved grua i kjøkenet saman med morrpølsene. “Hengde dei oppunder lampene til tork” Ein informant fortel at smalaføtene blei flådde. “Og så vart dei kløyvd då, eller dei slo dei sundt når me skulle koka dei.”<sup>159</sup> Smalaføtene blei kokte mest ein heil dag. Ein informant meiner jamvel at “Saueføttene blei koka opp til 24 timer, til dei blei heilt mørre.”<sup>160</sup> Oftast åt ein smalaføtene saman med mørja. I eldre tid var dette fast middagsrett julafta. Jamvel mange av museet sine informantar minnest at dette var skikk heime i deira barnedom. Andre fortel at dei hadde mørja litle-julafta.

Mørja laga dei slik: Flatbrødleivane blei dyppa i krafta, “fotasø”, slik at dei blei mjuke. Leivane blei deretter bretta saman og lagde på eit fat. Smalaføtene blei lagde på eit anna fat, og krafta med feittet (feittet flaut opp på toppen av krafta) blei ausa opp i ei skål. Dette feittet kalla mange for “flåt”. Så skar ein det mjuke flatbrødet i passe bitar, rulla det og dyppa det i feittskåla, eller “flodkoppen”. Føtene gnog dei attåt. Kring århundreskiftet hadde mange begynt å bruka tallerkar, men somme heldt på den gamle skikken:

“..... Frå fatet tog man så en bit og dyppet dei i flodkopp eller skål. Det kaltes å dyppa. Det første eg hugsar så hadde man ikke talerken, men brukte flatbrød å leggja det paa. Dette heite slupsebrød og var selfølgelig det som åds sist og var godt.”<sup>161</sup>

Som nemnt tidlegare skulle dei ha eit særleg godt flatbrød til mørja julafta - “mørjebrød” eller “tunnbrød”. Hadde dei mykje smalaføter, åt dei mørja andre tider

på året og. “Ja, me åt mylja andre gonger au, men ikkje nokon særsla dagar.”<sup>162</sup> Somme hadde smalaføtene attåt komla.<sup>163</sup> Andre seier at sauaføtene var eigen middag. “... dei brukte det au til poteter til middag.” Eller smalaføtene blei brukte som pålegg : Føtene blei kokte mest ein heil dag. Så delte ein føtene i to, la dei fint



Per Time svir smalaføter med propangass, Time 1983.



Smalafötene blir skrapa,  
Time 1983.  
Frå v: Janette Time, Sigrunn  
frå Sørlandet, Berit Time.

Skolling av smalafötter,  
Time 1983.

opp i eit brunt fat, og tømde krafta over. Når krafta stivna vart ho mest som gele. "Og det var altså jule-pålegg" ...

Det var likevel ikkje alle jærbuar som sette pris på sauafötene. "Sauafødene dei skolde eg. ---- Skolde dei på den goda kraftå. -- Jau, eg knagde dei eg, men dei andre ville ikkje ha dei." <sup>164</sup>

### Griseføter og syltelabbar

Det var ikkje berre smalafötene som blei tekne vare på. Det gjorde grisefötene og. Enkelte opplyser at griselabbane blei skolla og svidde. Andre meiner dei blei salta. Somme kokte griselabbane i lag med grisahovudet etter slaktinga og la dei i lake saman med sylta. "Det første leddet på føttene, koka me saman med hodet. Dei låg i saltlake til dei vart oppetne. Det var

syltelabbar. Dei var "kvess" for dei som lika det, men det var ikkje alle." <sup>165</sup>

"Så kokte me poteter, eller varmde poteter frå middag til kvelds, og så syltelabbar. Det var godt det!" <sup>166</sup> Som middagsmat kunne griselabbanane bli serverte med kokte poteter, kålrotstappa og raudbetar. Nokre seier dei serverte føtene som pålegg til morgons eller mellemat. Mølja av grisalabbar er også nemnt. Eller grisafötene blei kokte attå komla. <sup>167</sup> Sjølv om bruken kunne vera mangfoldig, har ikkje grisalabbane oppnådd same "kultstatus" som smalafötene.

### Pesesylte

Grisehovud koka dei og brukte til pesesylta, eller "sylta". Saman med grisehovudet brukta ein gjerne litt ekstra kjøt, f.eks. kalvekjøt eller grisetunger for at pesesylta ikkje skulle bli for feitt. Før koking blei hovudet kløyvd og reinska. Ein tok vekk bein, restar av hjernemasse og kjertlar, og let det ligga i vatn eit par dagar. "Det tok du ut mens det var rått, noige inni der, hjernen og denne her stribå med nasen."

Hovudet blei kokt til svoren lausna, eller det var passe myrt. Nokre av kjertlane sat igjen og blei fjerna etter koking. Flesk og kjøt blei skore i betar, saman med det ein hadde av ekstra kjøt. Dette blei lagt saman i eit stort kar. For å halda sylta meir saman, la ein først ei klede, så svoren. Så blei kjøt og flesk lagt lagvis og krydra med salt, pepar og ingefær, og gjerne nellikstilkar i tillegg. Til slutt dekte ein over med svoren igjen. Ein kan og bruka gelatin i. "Og litt gelatin, for ho heng



Julefest med smalafötter.  
Frå "Bondevennens" biletarkiv.

Pesesylte blei brukt som pålegg til fint, særleg til jul. Eller som middag med kokte poteter og raudbetar.

### Fleskerull


var ein noko simplare og enklare rett enn pesesylta. Her brukte dei tynnvomma på grisen.

"Og den krydra me akkurat som me gjorde med syltafleskje, og så rullde i hop. Og så surrde med ein tråd, kokte det og salta det." <sup>168</sup> Fleskerull åt dei anten som pålegg, eller som middag med varme poteter til.

### Anna flesk og feitt

Feittet frå sau og gris blei sortert i ulike kvalitetar med ulike nemningar. På sauens blei feittetrundtnyrene (nyrefeittet) og vomma ("neggjafeittet" eller "neggjå") tatt vel vare på, for dette var det beste feittet. Tarmfeitt og plukkfeitt kalla dei "breidd". Ein del av feittet, særleg svineisteren, blei salta og tørka og nyttta attå fisk. Av feittet laga dei og smolt - som dei m.a. brukte som svinesmør eller til å steika smoltringar i. Sidene på grisens blei brukt til flesk. Flesket blei nyttta på ulike måtar. Det kunne brukast ferskt, men blei vanlegvis salta. I eldre tid var det ikkje vanleg å laga røykeflesk. Seinare blei det vanlegare å røyka flesket. Nokre fortel at dei leverte flesket til røyking på Bryne. <sup>169</sup> Flesket kunne både kokast og steikast. Steikt flesk brukte somme som eigen middagsrett, med poteter og kålrotstappe. <sup>170</sup>

Somme kokte det salte flesket ut i mjølk. Då fekk ein finare farge på flesket når ein steikte det. "Og det brukte me au når me skulle ha det litt sånn godt; egg



Syltelabbar.

*og mjelk og slo over flesket når det var ferdig.<sup>171</sup> Og flesk steikte me attåt fiskjen, vett du.<sup>172</sup>*

Kokt flesk blei m.a. brukt til komle eller erter-suppe. "Salta kanskje noko av det tynnaste flesket og hadde attåt komla."<sup>173</sup> "Det var alltid kjøt og flesk. Me brukte det til alt. Det fylgdest det."<sup>174</sup> Du kunne jamvel ha flesk saman med saukjøt: "Ja, så hadde me jo det attåt sauakjøtet når du kokte ertersuba, i alle fall viss du hadde gris."<sup>175</sup>

At feittbehovet var større i tidlegare tider enn i dag forstår me av følgjande historie frå Hå: Mora kokte flesket og hadde det stående i ei krukka med saltlake. "Så var det ei nabokona som kom og seier: Maria, må eg vel gå bort og ta noige flesk. Så tok ho bara flesket

*i eit sånn flatbrød og hadde på. Og me hadde bara flesk og poteter og lagte bede då i den tid."*<sup>175</sup>

### Høns

Grude skriv at på midten av 1800-talet hadde ikkje hønsehaldet noka stor betydning på Jæren. Men nokre små, gulbrokete og forpuska høner gjekk nå og trippa rundt husa. På den tida var det ikkje særleg sal av egg, og bruken av egg i eige hushald var heller ikkje stor. Det var helst i samband med høgtider og gjestebud ein brukte egg. Elles når dei fekk gjester kunne matmora diskopp med såkalla "Æggekake med flesk" eller eggdravle.<sup>176</sup>

I siste halvdel av 1800-talet tok ein til med oppkjøp og sal av egg på Jæren. Grude nemner at samtidig som jærbanen opna i 1878 tok ein til med eksport av egg til Kristiania. Kring århundreskiftet dekka Jæren omlag 70 % av Oslo-marknaden! I 1890 var eggforbruket på landsbasis svært lågt, kun 1,5 kg pr. innbyggjar. Alt i 1930-åra hadde dette forbruket auka til bortimot 7 kg pr. innbyggjar.<sup>177</sup> Rogaland, og Jæren spesielt, var på denne tida det viktigaste fylket for dei kraftførbaserte husdyrnæringane høns og gris.

INEG-materialet finn me lite opplysningar om høns. Av dei informantane som museet sjølv har intervjuat, er det ein god del som fortel at dei hadde høns heime. Men sidan dei selde storparten av egg, var ikkje dette dagleg kost: "Fekk jedna kvar sitt (egg) om søndagen kanskje, ....dei skulle selgas dei (egg), for me hadde jo høns. Så me skulle jo selga egg."<sup>178</sup>


Ein annan informant fortel at dei alltid kokte egg

når dei var i torvmyra. Men når hønene hadde gjort si plikt, og ikkje var særleg produktive lenger, blei dei middagsmat. "Me selde aldri ei høna. Me åt opp alle dei gamle hynså."<sup>179</sup>

Desse gamle hønene var svært seige og trong mange timars kok. Fleire fortel at dei koka hønsa først, og så brunna og steikte dei i gryta. "Og det lærte eg av ho gamla bestemor..... Eg lærte rett og slett det, for ho sa det: koka den først. Rett og slett kokte den i vanligt vatn og salt. Og så brunte ho den etterpå. For ho hadde funne ut at den trong så voldsomme tid."<sup>180</sup>

Når dei ikkje brunna hønsa, kokte dei kvit saus og laga hønsefrikasse. Også hanekyllingane hamna i gryta. Men dei trong ikkje meir enn vel ein times koking. Hanekyllingane blei enten serverte som frikasse, eller kokte og steikte slik som hønsa.

"Ja, du skulle koka dei først. Og så skulle du steika dei på panna. Dei skulle vera sprøsteikte. Det gjorde me med alle fugla og alt der ute. Og det skvatt no ge aldeles kollosalt..... Det var salt og pepar på dei - ja, oppi sosen. Du hadde sosen på sida, brune sos. Du hadde kraftå, vett du, som du hadde kokt dei i."<sup>181</sup> Andre likte best å koka hanekyllingane i sausen. "Hane. Ja, me kokte, eller kunne du steika han. Me hadde han heile, me tok ut innmaden og gjorde han heilt reine inni. Og så la me han oppi ei gryte, og så snudde me han til dess han var fint brune. Så tok me vatn på, og så lagte me brune sos. Så hadde me litt løk eller - eg hadde ikkje nogen spesielle krydder. .... Og så veit du, kvide sos på den som var kokte, og brune sos på



*Det var kvinnene som hadde ansvaret for hønsa. Ofte disponerte dei og inntektene av eggsaled – "eggapengane". På biletet ser me Berta Kristine Reiestad som matar hønsa i tunet på Reiestad ein gong i 1920-åra.*

*den som var steikte.*<sup>182</sup> Ho legg til at mora tilsette litt ingefær i sausen.

Nokre informantar fortel at dei hadde gjess. "Ja, me hadde gjæse, og dei heldt på å ta livet av oss.....sinte og føle. ..... Når eg har lagt gås, det har vore forskjelligt det altså. Eg har fylt gås både med frukt, eple og sviske, og eg har fylt med kjøttdeig, brød blanda i kjøttdeigen då, altså."<sup>183</sup>

Elles er det nokre informantar som nemner at dei skaut og brukte både hare, ender, alka og skarv.

### Hest

I eldre tid var det mange tabu knytta til slakting og flåing av hest og bruk av hestekjøt. Rakkaren tilhøyrdi dei utstøytte i samfunnet. Tidlegare var det og religi-

øst begrunna motførrestellingar og forbud mot å eta hestekjøt.<sup>184</sup> Til langt opp i moderne hadde då folk motvilje mot slikt kjøt, særleg av eigne hestar.

I kjeldematerialet frå Jæren har me funne få opplysningar om bruk av hestekjøt. I eit par av oppskriftsbøkene som er kopierte finn me oppskrifter med hestekjøt, men dette betyr ikkje at oppskriftene er utprøvde. Men Aksel Eggebø skriv ein stad at “.... *I pølsa brukte dei det som elles var vanskeleg å få nytta, helst av sau og hest.*”<sup>185</sup> Elles har me ein informant som minnest at dei naudslakta ein hest i 1910:

*“Det var i 1910 der vart naudslakta ein hest i Gjesdal. Kjøtet vart male på kjøtkvern og laga kjøtkaker av. Kjøtkaker og kraft vart fylt på steintøykrukker og tømt flytande feit oppå. Dette var om våren. Utetter sumaren åt eg mykje kjøtkaker der på gården, då eg var med og byggde løa der.”*<sup>186</sup>

### Hermetisering av kjøt

Utover 1900-talet sette folk meir pris på ferskt kjøt. Teknologien gjekk dessutan framover, også når det galdt konservering av mat. For å oppbevara ferskt kjøt kunne ein nytta to teknikkar: oppbevaring under feittlokk og hermetisering.

Når dei la kjøt under feittlokk bruna dei først kjøtet, la det ned i brune krukker, hadde over kraft og tømde så kokande feitt på toppen. Feittet stivna då til eit “lokk”. Det var viktig at det ikkje kom sprekker i feittlokket. “*Og viss det då sprakk, så kunne du bara tøma det ut. Me måtte vera så jyseleg forsiktige når me*

*flytta på det og sette det i kjellaren.*”<sup>187</sup>

Dette kunne ikkje stå så lenge, men det stod seg vanlegvis over vinteren, meiner ein informant. Ho fortel elles om følgjande ubehagelege oppleving: “*Og så vett eg ein gong eg var så uheldige, det var skjent når eg tok det opp. --- og så lukta det. Det var jul. Dei var i kyrkja dei andre. --- Og så måtte me ha fiskapudding, huskar eg. Det var forferdelegt.*”<sup>188</sup>

Seinare, i tida kring 2. verdskriga og framover til fryseriteknikken kom på 1960-talet, var det ein del som prøvde seg med hermetisering av kjøt. Hermetikk-industrien hadde vore veletablert i mange tiår, men det var først i desse åra at bondekonene på bygdene prøvde dette for alvor. Når ein skulle hermetisera kjøt, kjøtkaker - eller t.d. sildekaker o.likn., blei kjøtet først bruna eller kokt. Dei brukte helst to-liters norgesglass og hadde så på noko kraft/lake. Det var viktig å fylla glasa så fulle og få lokket så tett at det ikkje kom luft til. Mange kokte glasa i ei veldig stor gryte på komfyren, eller dei nytta vaskegryta i brunnhuset. Somme fortel at dei pakka avispapir rundt glasa slik at dei ikkje skulle klirra. Ei kone fortel og at på slutten kokte ho i vaskemaskinen “*Eg hadde sånn Miele, og då fekk eg seks eller åtte glas oppi.*”<sup>189</sup> Før det kokte ho kjøtkrukken i syltekjelen, men der var det berre plass til fire krukker om gongen. Kjøtet blei koka vel ein time. Etter at dei var kokte, blei krukken sett på hovudet til dagen etter. “--*for viss dei bobla, så var dei ikkje tette*”.

Dersom dei skulle hermetisera større steiker, blei norgesglasa for små. Nokre minnest at dei då herme-

*kraft så eg hadde i glas som eg og hadde kukt i gryta. Som me kunne laga saus av.”*<sup>190</sup> Hermetisert kjøt var helst festmat, eller sundagsmat.

Ein informant har fortald at dei oppbevarte kjøt i surmjølk. “*Me tok ei stor steik, så me la i sure melk, og den kunne ligga lenge.*”<sup>191</sup> Ho seier ikkje noko om dette kjøtet låg lenger i surmjølk enn dei 7-10 dagane som er vanleg når ein lagar sursteik i dag.

### Komla

Sidan tidleg på 1800-talet, då potetdyrkninga for alvor skaut fart på Jæren, har komla vore ein omtyktog mykje brukt middagsrett på det jærske matbordet og i fylket elles.

Følgjande vers vitnar vel om det:

*“Han Ola sko ud å kveigja piba si,  
så haurd'an dei romla i komlegrydå si.  
Så gjekk han inn  
tog gaffel og kniv,  
og firatjue komler gjekk i Ola sitt liv.*”

Som me alt har nemnt, var det ikkje uvanleg at komla, saman med salt kjøt eller smalahovud, blei servert fleire gonger i veka. Innanfor Jærgarden finn me heller ikkje store variasjonar i korleis retten blei laga eller servert, men nokre endringar over tid kan me likevel peika på.

Hovudingrediensane i komla er råraspa poteter og mjøl. Somme fortel at dei slo bort bort den vass-skvetten som seig frå potetraspet (stivelsen). Der er heller ikkje uvanleg å blanda ein del malne, kokte poteter i



Hermetisering av kjøt på Jærmuseet i 1996.



Husmorskulanane var viktige utdanningsinstitusjonar også for bygdejenter og seinare bondekoner. Husmorskulelærdommen prega utan tvil matlagninga og mattradisjonane utover bygden. På Jæren var det mange som gjekk på Sømme Husmorskule på Sola. Her lagar elevane komla på hovudkjøkenet på Sømme Husmorskule, våren 1956.  
Frå v: Kirsten Helland, Astrid Eia, Karla Vormeland, Guri Pettersen, bestyrerinne Borghild Larson Fedde, Nelly Åse, Bjørg Høyland, Berit Bø, Judit Håland.  
Fotosentralen Kristiansand.



Frå det nedre kjøkenet på Sømme husmorskule.  
Frå v: Sissel Isaksen, Laila Haugstad, Anna Nedrebø, Ragnhild Odland, Gurina .... Til h: Bjørg Klausen, Edit Grøsfjeld, Ragnhild frå Sunnmøre, lærar Bjørg Ravndal.

komle-knøa slik at ho ikkje blei for fast. Opphavleg brukte ein heimeavla og sammalt byggmjøl (reint-kornmjøl) i komla. I førre hundreåret hadde mange ein eigen byggåker som dei gjødsla ekstra godt. Dette var "komleåkeren". Seinare gjekk ein over til grynmjøl i komlene, og etter kvart begynte mange også å blanda i kveitemjøl. Ein informant frå tidlegare Hetland herad (Stavanger) meiner at dette tok ein til med i 1920-åra.<sup>192</sup> I dag er det mange som kun nyttar kveitemjøl. Dei fleste hadde også "dott" i komlene, slik me har omtala ovenfor. Komlene blei forma med hendene, og var omlag

så store som ein appelsin. Men somme brukte også å laga nokre komler utan dott. Desse var meir flate. Nokre seier dei kokte komlene i salta vatn. Dei aller fleste meiner at komlene blei kokte i kjøtkraft, i lag med kjøt og poteter, og kanskje noko pølse. Koketida blir vanlegvis oppgitt til ca. ein time.

Når komlene blei koka i kjøtkrafta, kalla dei søet for "kumlesuppa". I eldre tid åt dei dette attåt komlene. Hatteland forklarer at då blei komlemåltidet ete på følgjande vis: Kumla og poteter auste opp i ei kolla. Kvar person fekk tildelt i skål kumlesuppe med ein kjøtbit

oppi. Dei måtte gjera bete og duppa beten i suppa. Oftast fekk dei ein liten klatt med smør eller talg på suppeskåla til å duppa komla i.

Hatteland meiner at allereie i 1916 hadde folk jamt over slutta å eta komlesuppe. Det er då òg opplyst at dette komlesøet kunne vera så salt at det ikkje var brukande til anna enn "krettur-mat". - Det var endå for salt til å gi til grisene, meiner ein annan.

Fleire av informantane fødde før 1900 meiner likevel at i deira generasjon var det vanleg å bruka komlesøet.

*"Komla kom på bordet i flat eller djupt fat. Var det feittdott i komla, så var helst dette suvl nok, attåt kjøtet. Var det flat komle utan feitt, så tok ein ei stor skål varmt komlesø og la betar av "bredd", eller avskumma matfeitt oppi. Det smelta straks, og oppi feittet her dyppa ein kvar komlebete før ein stakk han i munnen."<sup>193</sup>*

Fleire opplyser at dei drakk saup eller surmjølk til komla. I følgje Hatteland var det på midten av 1800-talet vanleg å koka komla i mjølk. Då fekk ein ikkje kjøt eller feitt til, men drakk denne "suppa" attåt. Han meiner at denne matretten var det slutt på i 1916. Ein informant frå Randaberg, truleg fødd på 1880-talet, fortel om dette slik: *"Til fyredugurdsmat (bedatidmat) brukte ein i min barndom å koka komla i melk. Men då utan kjøt og flesk. Slike komler kaller med klimper."*<sup>194</sup>

## Eplemat

I tillegg til komla brukte dei poteter til såkalla "eplemad". Dette kan samanliknast med ei slags potetstappe eller potetgraut. Dei koka potetene, flysja dei (skrella) og mol dei på potetkverna. Dei som ikkje hadde potetkvern, brukte ein eplestøytar (potetstøytar) og støyte potetene sunde. Så koka dei opp mjølk, og blanda poteter og mjølk til ein stiv graut. Ofte blanda dei også i restar av kjøtsodd. Eplematen åt dei vanlegvis attåt middagen, gjerne attåt mort om haustane, fortel Aksel Eggebø.<sup>195</sup> Kanskje fekk dei og eit lite smørauga i eplematen. Ein av informantane har ei grundig skildring av korleis ho laga eplematen:

*"Ja, du kokte salt lammakjød så fett som mulig et stykke. Og så kokte du eple, skrelde dei. Og så malte du det. Det skulle malas, helst to-tre gonger skulle det sauakjøde og eplå malast. ....det skulle spes med noe av den kjydakrafta, og så melk. Og så skulle det brugas attåt mort. Kan òg ha det attåt småsei. Det vart som ei eplestappa. Det blir det sama, ....og så kunne du ha litt smør i òg."*



# Oppskrifter

## Persesylte

Oppskriftsbok frå Kleppe.

- 1 hovud
- 4 ts. salt
- 1 1/2 ts. pepper
- 1 ts. ingefær
- 1 ts. allehonde
- 1/2 nellik
- Lake
- 8 l vatn – 1 kg. salt
- Bland salt og vatn, gje det eit oppkok.  
Skum laken og slå den kald over.

## Persesylte

Oppskriftsbok frå Varhaug.

- 1 svinehovud
- kalvekjøt
- 4 ts. salt
- 1 1/2 ts. pepper
- 1 ts. ingefær
- 1 ts. allehånde
- 1/2 ts. nellik
- Skjær vekk øyrer og tryne. Sett det over i kokande salta vatn og la det koka til sveren er mørkrokt. Ta det opp og skjær sveren med 1 cm. flesk med. La det så koka vidare til kjøtet slepp beinet. Ta eit klede, fukt det i kokande vatn, legg det i eit

traug eller kolla, ta så og legg svor i botnen og kjøt og flesk lag på lag og strø krydder mellom. Legg så svor oppå. Tull klede fast om og sy til. Ha det i gryta og la det koke 1/2 time.

## Fårerull eller rullepølsa

Oppskriftsbok frå Nærø.

Slagsida av sauens og ein del av bugen. Feitt eller talg.

- 4 ts. salt
- 1 1/2 ts. pepper
- 1/2 ts. ingefær
- 1/2 ts. salpeter

Slagsida deler ein opp etter bindevevet, i 2 – 3 lag, og kvart stykke skjær ein så stort ein vil ha rullepølsa. Er sauens feitt, legg ein lagvis feitt og kjøt. Men ein kan og bruke nyretalg istaden for feitt. Kjøtet skjær ein opp i stykker. Feittet kan vera litt mindre. Imellom laga strør ein krydder og salt. Når rullen er ferdig laga, syr ein rullen fast saman. Legg rullen i saltlake i samen med det andre kjøtet. Fårerull bruker ein anten som pålegg på smørbrød eller til middag. Dersom ein bruker rullen til pålegg, legg ein rullen i press etterat den er koka. På same måten som sylta.

## Spekepølse

Oppskriftsbok frå Orre.

- 2 1/2 kg. oksekjøt
- 1 1/2 kg. svinekjøt
- 1 kg flesketerner
- 1 dl. konjak
- 1 dl. raudvin
- 125 gr. sukker
- 1 dl. salt
- 1/2 muskattnøtt
- 1/2 ss. ingefær
- 1/2 ss. pepper
- 1/2 ss. salpeter

Kjøtet males 8 – 10 gonger, flesket 3 – 4, elt godt, spe med vinen, tilsett kryddene og flesketerner. Flesketerner har lege i saltlake noen timer og etterpå rent godt av i eit dørslag. Stapp så fast som mulig i tarmar, prikk, legg i traug, gni med salt og salpeter, ligg 3 – 4 dager, røykast, spekast i 2 månadar. Pølsene må vera ordentleg tørre før dei blir sende til røyking.

## Sæddagspølse

Oppskriftsbok frå Varhaug.

- 1 kg. oksekjøt
- 250 gr. flesk
- 1 1/2 ss. salt
- 1 1/2 ts. pepper
- 1 ts. ingefær
- 1/2 ts. muskat
- 2 ss. potetemjøl
- ca. 1 l. god mjølk

Mal kjøtet 12 gonger, bank og spe med mjølk. 1 ss. om gongen til ein har arbeidd

farsen godt, så sper ein litt meir. Ha så i krydder og potetmjøl, lag pølser.

## Kjøtpølser

Oppskriftsbok frå Nærø.

- 4 kg. storfekjøt (ku 2)
- 3 kg. gris
- ca. 1 kg. flesk
- ca. 1 neve potetmjøl
- ca. 300 gr salt
- 2 ts pepar
- ca 1 l skumma mjølk

Skjer kjøtet i småbitar og forsalta det dagen før. Bruk ca 3 ss salt. La det stå natta over. Flesket skal ikkje forsaltast. Kverna kjøtet tre-fire gonger, flesket to gonger. Mylna (kvern) kjøtet for seg og flesket for seg. Bland så ingrediensane. Smak til med salt. Spe med mjølka, litt om gongen. Konsistensen må ikkje bli for laus. Stapp i tarmar.

## Bete

Oppskriftsbok frå Nærø.

- 2 griseknokar
- 1/2 pk. gule erter
- 1/2 pk. bygg-gryn
- 10 poteter
- 1 pk. gulerøtter
- 1 kålribi

Legg erter og bygg-gryn i vatn natta over. Kok griseknokane i 2 timer. Reinska griseknokane og skjær i bitar. Erter og bygg-gryn kokast i 1 time. Skjer poteter og grønnsaker opp i små bitar, og kok saman til grønnsakene er møyre. Server flatbrød attåt.

## Saltpølse

Oppskriftsbok frå Varhaug.

- 7 l kraft
- 275 gr. havregryn

- 1 kg. kål
- 1/2 kg. gulerøtter
- suppedusk

## Fersk kjøtsuppe

Oppskriftsbok frå Time.

- 1 1/2 l. vatn
- 1/2 kg kjøt og bein
- 1 ts. salt
- 2 gulerøter
- 1 pastinakk
- 1 stykke kål
- heil ingefær
- 3 pepperkorn
- 1 løk, selleri
- persille
- 1 purre

Kjøt og bein vaskast i lunka vatn. Beina knekkast og setjast over i kaldt vatn, skummast og kokar 1/2 - 1 time. Legg i kjøtet, kok opp utan lokk, skum. Tilset krydder, selleri og purre og kok

- 1 1/2 - 2 timer. Reinska røter og det forvella kålet kokar med den siste halve timen. Kjøtet skjer ein i tygne skiver og legg fint på fat med grønnsaker. Røtene skjærer ein opp med rotkniv og has i suppa med finhakka persille og mjølbollar.

## Klymper

Oppskriftboka frå Time.

- 2 egg
- 2 ss sukker
- 100 gr. kokte, knuste poteter
- 50 gr. smelta margarin
- 1/4 ts kardemomme
- 100 gr. kveitemjøl
- 1/2 dl fløte
- 2 kavringer

Legg dei med skei i suppegryta. Kok ca. 10 min.

## Bloppanekekaka

Oppskriftboka frå Time.

- 1/2 l. blod
  - 2 ss. nyretalg
  - 1 ts. salt
  - 2 ss. sukker eller sirup
  - 1/4 ts. kardemomme
  - 1/4 ts. kanel
  - 1 ss. kveitemjøl
  - 1 1/2 ss. rugmjøl eller grynmjøl
- Sil blodet. Alt det turre blandast og blodet spes i. Rør godt og ha i litt finhakka ister eller nyretalg. Steik tynne med langsam varme.

## Bloppudding

Oppskriftbok frå Time.

- 1/2 dl. ris
- 1/2 l. vatn
- 1/4 kg. feitt
- 1 l. blod
- 1 l. rugmjøl
- 5 ts. salt
- 1 1/2 dl. sirup
- 1 1/2 dl. rosiner
- 1/2 ts. pepar, ingefær
- 1 ts. kanel, kardemomme
- 1 ts. nellik

Sil blodet og visp det med saltet. Mjøl og krydder siktast på. Tilsett det godt utvatna og oppskorne feittet, sirup og sukker. Tilslutt rosinene som er forvella. Steikast i vannbad i 2 timer.

## Blodkomla

Oppskriftbok frå Bryne.

- 1/2 l blod
- 1/2 kg. kokte poteter
- 3/4 kg. rå poteter
- 1 1/2 dl. sirup
- 4 ts. salt

1 ts. pepar  
1 ts. ingefær  
1 ts. kanel  
1 ts. kardemomme  
3/4 kg. grynmjøl  
1/4 kg. rugmjøl

Sil blodet. Visp det med saltet og tilset poteter og mjøl til det vert ei tjukk røra. I kvar komla legg ein eit stykke med ister og legg dei i kokande salta vatn. Koker 3/4 - 1 time.

### *Bloedpølse med havregrym*

Oppskriftsbok frå Kleppe.

1/2 l blod  
50 gr. havregrym kokes  
2 1/2 - 3dl mjølk  
100 gr. tørka brød  
70 gr. nyretalg (hakka)  
50 gr. rosiner  
50 gr. farin  
1 1/4 ts. salt  
1/4 ts. pepar  
1/4 ts. nellik  
1/4 ts. ingefær  
1/4 ts. allehånde  
Fyll i sterke tarmar eller posar.  
Kok frå 1/2 time – 1 time. Prikkast.

### *Bloedpølse med bygg-grym*

Oppskriftsbok frå Nærø.

2 1/2 dl. brygg-grym  
eller risengrym  
3/4 dl. vatn  
6 dl. finhakka nyretalg  
3 dl. rosiner  
3 – 4 dl. farin  
4 ts. salt  
2 l. blod  
8 dl. støytt brød  
1 1/2 ts. pepar  
1 1/2 ts. ingefær

### *1 ts. nellik*

Kok ein graut av grym, vatn og nyretalg. Kjøl det litt og bland det med blod, støytt brød og krydder. Steik ei prøvekaka. Ha røra i tarmer eller tøyposar 3/4 fulle. Skyll tarmane eller tøyposane i kalt vatn etterat dei er fylte. Set dei over i varmt vatn og kok dei frå ein til 1 1/2 time.

### *Steikt lever*

Oppskriftsbok frå Nærø.

2 kg. lever  
400 gr. flesk  
3/4 l saup  
1/4 l. sot mjølk  
1/2 l. vatn  
50 gr. smør  
50 gr. mjøl  
  
Saus:  
3 ss. mjøl  
1 ss. salt  
1 ts. pepper

Legg lever i eddikvatn natten over. Skjer galdegangar og hinner ifrå. Skjer levra i fine skiver og legg dei på eit klede. Flesket skjer ein opp i små bitar og brunar dei. Levera steiker ein i fleskefeittet og blandar flesk og lever saman. Lag brun saus av smør, mjøl og vatn. Slå saup og mjølk oppå. Salt etter smak. Kok 1/2 time.

### *Leverpostei*

Oppskriftsbok frå Kleppe.

650 gr. kalv – svinelever  
160 gr. flesk  
30 gr. løk  
5 ansjos  
1 ts. salt  
1/2 ts. pepar  
1 ts. nellik  
50 gr. eplemjøl – støtt brød  
2 egg

Levera som er godt utvatna reinskar ein for hinner. Mal 2 gonger på kvern. Pressa gjennom hårsikt. Tilsett flesket som er malt 2 gonger og ansjosen som er gnidd fin. Tilset resten, ha røra i form som er kledd med fleskeskiver. Steik i vassbad 1 1/2 time. Vert brukta som pålegg.

### *Steikja*

Oppskriftsbok frå Nærø.

Kok lammeføter 5 t (kokes seint)  
Kok saudeføter 8 t  
Bruk flatbrød til.  
Bryt flatbrødet i store stykker, aus over kjøttkraft med feitt. Et det på varm tallerk med det same det har vorte mjukt, med føter og hove til. (Ta bort håsekken i føtene)

### *Komler*

Oppskriftsbok frå Nærø.

1 kg. rå revne poteter  
300 – 400 gr. kokte revne poteter  
ca. 100 gr. kveitemjøl  
ca. 200 gr. byggmjøl  
1 ts. salt  
Prøvekok ei komla. Kok i kjøttkraft eller salt vatn.

### *Sursteik av hestekjøt*


Oppskriftsbok frå Time.

2 kg hestekjøt  
100 gr. flesk  
75 gr. smør  
løk, vatn  
1 ss salt, 1 ts. heil pepar  
1 lite laurbærblad  
  
Legg kjøtet i eddikvatn natta over. Tørk kjøtet og spekk med fleskestrimlar. Brun i smør. Dryss salt over. Spe med veska, litt om gongen. Løk, pepar og laurbærblad kokar med. Kok ca. 2 timer.



Tarmskylling i bekken på Håland, Varhaug ca. 1925.

# Fisk og sild



Under 1. verdskrigen (1914 – 1918) var det eit rikt sildefiske på Vestlandet som også hadde ringverknader for jærbuen. Av dei som ikkje drog på fiske, var t.d. mange sysselsett med sildesalting og tønneproduksjon. Dette biletet viser sildeganing på Skoratåd, Sirevåg.

Fisk og sild har vore svært viktig for kosthaldet til folk langs kysten. Men ikkje minst silda har utgjort ein vesentleg del av maten til folk i innlandet og, meir enn det me i dag kan førestilla oss. Tilliks med kjøtet, var bruken av salta og tørka fisk mykje meir utbreidd enn bruken av fersk fisk. Salting og tørking var også dei mest brukte metodane for å konservera fisk. Ein del fiske slag var sesongfiske - særleg sild, brisling, mort og delvis torsk.

I eldre tid, før fiskehandlarane og fiskebilane si tid, var tilgangen til fersk fisk naturleg nok begrensa til "strandbuane". På føresommaren, som blei rekna som den beste "seietida", var det ein del "opplandingar" som slo seg saman med folk frå strandgardane og var med og fiska. Fekk dei større mengder, blei seien flekt og tørka, eller salta ned.

Når ein studerer matsedlane til Hatteland frå midten på 1800-talet, ser ein at silda, brislingen og morten dominerer menyen til jærbuen. I eldre tid var det vanleg å ha ei eller fleire tønner med salt sild, brisling og mort ståande.

Den tid dei hadde kokemat til morgons ("midtmor-  
gon") bestod denne ofte av kokt, salt mort, poteter og  
mysesuppa. Dei gjorde "bede": la mort og poteter mel-  
lom to flatbrødmolar, og duppa desse i mysesuppa.

Til nuns, som då var hovudmåltidet, åt dei mykje

sild, brisling, mort, fisk og "eplemad". Og det var nok dei som tykte det blei meir enn nok sild og fisk i barndommen, slik som denne informanten frå Tananger fortel : "*Middagen ..... Ja, det var den same fiskjen eller spegesillå..... Sild og sei var kvardagsmat, og mort..... men me var leie av mange av det. - Mort, nå dei snakkar om mort, an var ikkje bitten god.*"<sup>197</sup>

## Brisling

Brislingsfisket føregjekk og om hausten. Brislingen kjøpte folk i Sandnes eller Stavanger. Den blei alltid eten i spike, men hadde visstnok lett for å bli lakabrend. Kvar haustmarknad kjøpte dei òg ei tønna med gammal brisling som blei nytt til dyrefor, såkalla "busild". Då hermetikkindustrien vaks fram i Stavanger sist på 1800-talet, forsvann i stor grad brislingen frå matborda på Jæren. Det skulle gå bortimot eit halvt hundreår før folk flest utover bygdene såg seg råd til å kjøpa brisling på boks - til pålegg.

## Mort

Morten fekk dei mykje frå Tananger. Om hausten, "kring marknadstid" var det vanleg at folk for til "Tanang" etter eit lass fersk mort. Ei kjerre tok to tønner. Så tok dei bakstebordet inn i stova, og huslyden blei sett til å rein-  
ska mort. Dei tok bort hovud og innvollar. Den levra

som ikkje blei oppeten, blei til "lyse". Av og til blei lysen koka saman med kutalg og brukt til smurning. To tønner heil mort blei til ei tønne ferdig reinska. Aksel Eggebø fortel at i Lura-krinsen for hundre år sidan var det ennå vanleg å ha både brisling og mort ståande i kjellaren utetter hausten og vinteren.<sup>198</sup>

Hatteland skriv at bruken av mort tok til å minka då dei slutta med kokemat om morgonen. Men ennå i 1916 var det mange som kjøpte ei halvtønna eller ein fjerding salt mort på haustmarknaden og åt opp utetter vinteren. Av museet sine informantar er det berre folk frå Sola og Randaberg som snakkar om mort. Lenger sør fiska dei ikkje mort.

*"Me salta saltsprengde mort. Det hadde me i kjella-ren heila året. Og når me hadde koka den, så tok me han opp og så renska han, og så la me han på tallerken, og med gaffelen så knekte me han sundt og så poteter oppi og så smør oppi der, og så flatbrød."*<sup>199</sup>

Mort og poteter knødd saman blei og kalla "knøa" fortel denne informanten frå Randaberg. I Sola og Randaberg åt dei også fersk eller saltspengd mort.

*"...me brukte mykje mort. .... Den morten kokte me som vanlig fisk, ja. Den var sånn nysprengde, kan du seja. ... så salta me han då om kvelden. Og så var han så nogså nogelunne bra då neste dag. Ja, kokte han vanligt som fisk. Og då hadde me jo fett av slakt og sånn, og så hadde me fett med lök og med timian. For når det var mort, så var det timian i fettet. Ja, poteter også. Nogen brukte jo potetstappe(plemed), men det gjorde ikkje me.."*<sup>200</sup>

Andre grønsaker attåt morten minnest dei ikkje. Når han var fersk, åt dei lever og mortasuppa attåt. Men det var så "potle" med den morten, meiner ei anna. Morten blei så og seia alltid kokt. Men ein gong, minnest ei, fekk dei mykje mort på ein laurdag."Då hadde me steikt mort til søndag. Og det var veldig godt."<sup>201</sup>

## Sild

Silda heldt posisjonen sin på matborda i regionen lenger enn både brisling og mort, sjølv om sildefiskeria har vore prega av store store svingningar. I periodar har silda næraast vorte borte frå norskekysten. Andre periodar har vore prega av rike sildefiskerier. Sildefisket vare eit typisk sesongfiske, og pågjekk vanlegvis frå desember/januar - mars. Dette var ei roleg tid på garden, og for bøndene var det lett å kombinera sildefiske med gardsarbeidet. Dei aller fleste menn over konfirmasjonsalderen langs kysten drog "på vintrasildfiskje". Dette galda og på Jæren. Jamvel frå bygdene i Gjesdal og Time reiste ein del av mannoflka på sildefiske. Etter sildefisket blei avslutta, var det somme som heldt fram med torskefisket utanføre jærkysten, men mange drog nå heim for å førebu vårvinna.

Sildefisket gav kontantar. Den store sildeperioden på 1800-talet ( ca. 1808 - 1870) betydde svært mykje for auken i talet på sjøveigande bønder og investeringane i jordbruket på Jæren i denne perioden. Utover 1900-talet var det stadig færre jærbønder som deltok i sildefisket. Mens særleg i Randaberg og Sola drog mange på fiske heilt til dei store sildefiskeria tok slutt kring

1960. Ennå hadde dei fleste hushald ståande ei tønne salt sild, og mange hadde tørrsild som hang på løevegen utover våren og sommaren, like opptil 1950-åra.

Så når Hatteland i 1916 skriv at folk er blitt så forfinna i kosthaldet at fordøyelsen deira ikkje toler sild lenger, overdriv han nok ein del:

*"... turrsildi eller den salte spekesildi er ikkje anten lett kost eller stimulerande. Med stumpen og kaffien vert magen avvand med aa arbeida og greier ikkje melta sildi. Folk kjenner seg uvel av henne og toler henne beint fram ikkje og kastar opp."*<sup>202</sup>

Men at silda kunne vera vanskeleg å svelga når det leid utetter sommaren, kan følgjande historie frå Høyland illustrera: Ein varm sommardag kom ein bonde inn til ein annan bonde som sat og åt sild. "Kan du liga sild i denne varmen?", spurde den fremmande. "Nei, det e'kje fordi eg liga sild, men det er for å få 'na ut av huset", var svaret.<sup>203</sup>

Dei aller fleste av dei personane som museet intervjuar, anten dei bur i dei indre bygdene eller på flat-Jæren, er òg vane med sild i ulike variantar. Frå ei av dei indre bygdene på Jæren blir det m.a. fortalt:

*"Ja. Og me kjøpte sill, og då kjøpte me jedna en heile kasse med sill. Det kosta ikkje så mykje. Og eg huskar me ungar sat ute og skulle renska all denne sillå. Det er liksom sånn eg ser som ei skrek ifrå eg var ongje. Så me hadde nok en del sill au."*

Ein informant frå Gjesdal fortel at ho hugsar faren fekk kjøpt sild på Ålgård.

At silda blei borte frå kysten av Sør-Norge, førte til

vesentlege omleggingar i kosthaldet til folk flest, for bruken av sild i ulike variantar - og for kunnskapen om sild og silderettar.

Så lenge dei kunne få silda fersk, var det mange som føretrekte å steika henne. Det gjorde dei og i eldre tid. Hatteland fortel at dei skar snitt i sida på silda, rulla henne i reinkormmjøl og steikte henne på rist. I seinare tid rulla dei henne i kveitemjøl og steikte silda på panna. Nå var det og mange som la lök i buken på silda.

Den salte silda kunne vatnast ut og kokast. Når ho blei i speke, kunne ho etast som spekesild .

*"Om vintaren vart det salta mykje sild, som vart kokt utover etterpå. Vatna og kokte."*<sup>204</sup> "Og så hadde me noga sill på ei tynna som me salta. Så vatna me det ut og så kokte me."

Spekesild blei brukt både til middag, kvelds og attåt skiva. "... Då var det jo varme nykokte joreple og spesjesill." "Og me kunne mykje ha spekesild om lørdagen..... då skulle me bara vela om då, og ikkje tenka på maten. Me velte om bara om lørdagen."<sup>205</sup>

Somme kokte sildesuppe på den salte silda og åt denne attåt. Frå gammalt var det vanlegt å ha sild og mysesuppe. I nyare tid brukte mange havregrynsuppe til sildemiddagen. I dag er det ikkje mange som vatnar ut og kokar salt sild. Men saltspengd sild er det ennå somme som set pris på. Å saltspenga sild eller fisk vil seia at ein strør litt salt på den ferske silda eller fisken, og let den t.d. ligga natta over:

*"Så når eg får sild og sånn, så frys eg den, og så tar eg den opp om kvelden og så gjer den rein, og så strør*

eg på den (salt) då, og då er den fine neste dag. Og då kokar eg den med suppa på.”<sup>208</sup>


### Sursild

Deter få informantar som nemner sursild. Men ein informant frå Sola fortel at dette laga dei sjølve til jul. Og i oppskriftsbökene museet har fått kopiert er det fleire oppskrifter på sursild.

“Ja, ja, me lagte nå mykje sursild sjølv, vett du. .... Så det var nå helst den me hadde.”<sup>209</sup>

### Tørrsild og lubbesild

Silda kunne hengast opp og tørkast. Ein stor del av informantane hugsar tørrsilda som hang på løeveggen utetter våren og sommaren. “Ja. Og så var det sillå, den hang alltid på riveskaft.”<sup>210</sup> “På kvar einaste vegg.”<sup>211</sup> Andre meiner dei hengde silda på ståltråd. “... Flekte



Heilt opp til 1950-åra er det mange som fortel at dei hadde tørrsild hengande på løeveggen utetter våren og sommaren.

den og torka den. Og så hengde me den ut unna taket. Og så torka. Hadde den på en ståltråd.”<sup>212</sup>

Ein informant frå Gjesdal fortel at utover i 1920-åra var det ein nordlending frå Stavanger som tok til å reisa rundt og selja sild.

“Ja, då seinare var det ein nordlending ifrå Stavanger, det var i tjueåra det, han begynte å kjøra med fisk rundt. Og då veit eg dei kjøpte en halv eller heil kasse med sill, og flekte og hengde opp. Så me hadde flekte sill om sommaren.”<sup>213</sup>

Når dei skulle laga tørrsild, måtte ho først verkast (renskast) og flekkast. Det vil seia at ho blei kløyvd i ryggen, men hang saman i buken. Somme meiner dei også tok ut ryggbeinet, men det kunne variera. Så blei silda lagt i saltlake - alt frå under ein time til eit døgn. Det var avhengig av kor sterk laken var. “Eg trur me tok ut beinå på begge sidene. Eg trur ikkje det var bein i den. Men om så var - så gjekk det likevel, for den blei torka igjennom. Ho blei spegja heilt, ligavel.”<sup>214</sup>

I følgje Hatteland hende det og at dei hengde opp tørrsilda på såkalla “halmvredlar”. Desse hengde dei opp mellom slindrane i løa. Då måtte ein kløyva silda i buken og, slik at ho berre hang saman i sporden.

Tørrsilda kunne røykast, men dette var neppe vanleg på våre kantar. “Nei, me røykte den ikkje. Me hadde ikkje noe sånn noe. Me var ikkje så fine på det.”<sup>215</sup>

Tørrsilda var eit svært så anvendelegrt produkt. Ho kunne nyttast til middag, kveldsmat, mellemat - og “snob”; gumla ein bit innimellom. Dei aller fleste kokte tørrsilda til middag, gjerne med kvit saus attå. .... (tørr-

sild) det brukte me til middag. Det hadde me kvide saus til, den var god.”<sup>216</sup> “Det var mange gonger kvide sos til den der torrsillå.”<sup>217</sup> Andre seier at dei brukte ikkje noko saus attå. “Me hadde aldri det. .... Når det var torrsild, så var det bara torrsild.”<sup>218</sup>

Fleire informantar meiner at dei steikte tørrsilda til middag, og åt den kun med poteter attå. Hatteland skriv at den tida folk hadde grua i kjøkenet, blei tørrsilda ofte steikt på glo. Men i nyare tid nyttta ein steikepanna: “Ja, den steikte me på pannå, og hadde eple attå. .... Nei, inkje saus. Du vett du hadde fladbrød og bede. Du brukte jo mykje fladbrød attå middagen. Så me lagte bede, som me kalte det.”<sup>219</sup>

Somme hugsar at dei brukte tørrsild til kveldsmat. “Me kokte den, men åt den opp attå skjevå til kvelds.”<sup>220</sup> Når silda hadde hange ei tid blei ho spekt, (“når gauken gol”) og kunne etast rå. Attå skive, som “mellemat”, eller til kalde poteter. “Me kunne vel eta den rå, når ho var i spegje.”<sup>221</sup> “Den (tørrsilda) brukte me til middag. Og den brukte me til kvelds. Somme tider når ho blei i speke, så brukte me den når me hadde mellemad, som me sa.”<sup>222</sup>

Nokre informantar nemner òg at dei laga lubbesild. Til skilnad frå tørrsilda, var lubbesilda ikkje flekt. Dei tok først ut sloget og innmaten (gjellene) i hovudet, og la henne eit par dagar i salt. Etter dette hengde dei henne opp til tørk ved at dei stakk hovuda inn i einannan.

“Og så hadde dei lobbasiid, kalte dei den, den hengde dei sånn dei stakk håvene inn i na`en. Dei kalte det lobbasiid. Då var ho ikkje flekte då. Då var bein inni. Bara

tok ut slonå og så det som var i håve. Så når håve var holt, så sette dei det eina håve inn i det andra. Så hang den tvers over. Så torka den på en pinne ....”<sup>223</sup>

Informanten meiner at lubbesilda var ikkje så god som tørrsilda. M.a fordi lubbesilda ikkje blei så godt tørka eller speka. “For det fyrsta, så veit du den som var flekte, den var jo best, tykte me. Den andra kunne av og til bli røde innved beine. Så det var ikkje så godt med den lobbasiid.”<sup>224</sup> Lubbesilda blei først og fremst koka til middag.

### Sildekaker

Av silda var det òg muleg å laga meir bearbeidde produkt. I oppskriftsbökene finn me ei mengde ulike rettar av sild: sildekaker, sildekrokettar, sildekarbonadar, sildepölser, sildefrikasse, sild i form m.m. Det var likevel sildekakene som var vanlegast. “Ja, når dei var på sillafiske, så lagte me mykje sillakage.”<sup>225</sup> “.. ja, det har me lagt mykje av. Då når me begynte å hermetisera, så hermetiserte me mykje meir sildekaker og sånn så du gjorde med vanligt kjøt. Me brukte det.”<sup>226</sup> “Sildakaker, det lagte me og ... Då fekk dei ungane og alt te eta, for då var der ikkje bein. Du vett det var alltid dei beinene i silda.”<sup>227</sup> Men det er og dei som seier at: “Det hadde ikkje me nogen gong. Dei likte ikkje det sjå oss.”<sup>228</sup>

Det er litt ulike meininger om ingrediensar og framgangsmåte, men ikkje svært. Silda blei rensa og vaska. Så blei silda putta i kjøtkverna saman med kavrings, ev. mjøl, og lauk. Salt og pepar blei tilsett. Somme seier at det skulle tilsetjast veske i sildefarsen, andre seier

dei brukte söt mjølk. Ein informant har hørt at andre har brukt kulturmjølk. Somme trekte av skinnet og tok ut ryggeinet før dei mol silda; andre gjorde ikkje det.

“Sillakage, det var godt det. Altså, det var dei som bara la sill i kjødkvednå med skinn og bein. Det gjorde ikkje eg. Eg trekte av skinnet og tok or ryggbeine. Og så mylde me det ein gong. Dei skulle vera litt grove. Så hadde me i då litt kavring eller mjøl, og det skulle ikkje no ge veska til i sillakagene. ...Men akkurat mengdene? Me måtta bara prøva oss fram.”<sup>229</sup>

#### Anna fisk

På gardane nær sjøen har dei som tidlegare nemnt ete meir fisk og fleire fiskeslag enn bygdene lengre inne. “I Randaberg har dei alltid brukt meir fisk enn kjøt i hus-haldet. Sild, sei, makrel, torsk og mort. Hyse, lyster, kvitling, lange og kveite vert rekna for god fisk...”<sup>230</sup> Han opplyser vidare at steinbit, skate og hå sjeldan blei etne.

Ein annan informant frå Randaberg (f.1908) skildrar mangfaldet i fiskerettar slik:

“Me fekk mye mat frå sjøen. Far reiste på sildefiske då me var små. Då kom han heim med sild..... Så fiska han torsk, han hadde ruser og trollgarn, han fekk og sei, lyster og hysa - då laga me fiskekaker. ... Då me hadde torskagarn ute, fekk me mange, og store, torskar. Det var mange gonger stor rogn i dei.... Det var god middag. Då snakka me ikkje om kva me sko ha til middag, men kva slag torsk ska me ha i dag. Det kunne vera fersk torsk med suppa, saltspengd torsk med steikt flesk, tørrfisk med persillesmør, eller torskahåve. Alt var godt.

*Sei og lyster kunne me tørka på veggen. Fekk han ein steinbit, var det også god mat. Om hausten var det makrell. Spekemakrell og “sjamp” (ein spesiell mjølen potetsort), det var kveldsmat.....”<sup>231</sup>*

Det blir og sagt at på fersk fisk, måtte dei alltid ha kaldt smør. Dei smelta aldri smøret til fersk fisk, for smøret skulle leggast oppå fisken, og så skulle det smelta.

Også informantane frå Sola, Klepp og Hå fortel om mykje fisk på menyen. Minst annan kvar dag, seier mange, og ofte meir og. Og mange av mannsfolka på sjø-gardane tykte nok og at det var gild å fiska:

“.... etter gammalt, så sat dei på Nord-Varhaug om hausten i flunå på garden der. Der samla dei seg ifrå heila distriket. Der sat dei og fiska. Og så salta dei opp heile tynne. Og heila bygda kom og kjøpte. Dei salta opp. Og så vatna dei og kokte, og hadde det heile vin-



Fram til slutten av 1800-talet var det vanleg å ha ei tønne med salt brisling i dei fleste heimane på Jæren. Brisling, poteter, flatbrød og mysesuppe var middagsmaten fleire gonger i veka. Det er jamvel hevda at dei som var ekstra fattige eller ekstra gjerrige laut eta brisling 6 dagar i veka!

trane. Det var som regel i skuren dei gjorde det. Så det var så viktig det at kvinnfolka gjekk mange tider heime åleine og skar. Og mennene sat der i flunå og fiska.”<sup>232</sup>

Hatteland skriv at brislingen i stor grad blei avløyst av meir bruk av tørrfisk. Når ein her på Jæren og i Rogaland elles nyttar omgrepet «tørrfisk», tenkjer ein på fisk som er salta og tørka. Eggebø fortel at jamvel på Lura i Sandnes blei sei, lyster og torsk salta og spikra på løeveggen til tørk. Dei fleste av informantane fortel, at heime salta eller tørka dei fisken. - Endå om ikkje alle fiska sjølv:

“Og så torka me fisk sjølv. Dei kom kjørande med salta og ferdige ifrå Sele, der dei hadde fiska han. Han var heilt nyfiska og salta med ei gong. Og så kom dei rundt med dette her, og me kjøpte fisk og torka han sjølv. La den utover på garden, steingarden, eller på en mur eller kva me hadde då.....enten hengde me han opp på veggen, eller så hadde me han liggjande på den der steingarden, og så gjekk og snudde på han mange gonger til dagen. Det gjorde me mykje.”<sup>233</sup>

“Ja, me hadde torrfisk kvar einaste mandag. .... (attåt) det var stua kål. Og så sånn fett som me hadde skrapet av låmmå då om hausten. Madfett, som me kalte det.”<sup>234</sup> Det som var att etter middagen av tørrfisk og poteter blei varma på steikepanna til kvelds.

Ein del gardar hadde rett til å setja laksanøter. Då kunne det bli i meste laget med laks for nokon kvar: “Om sommaren her oppe, så vett du dei hadde laksanødene ute. Tri laksanøde hadde dei.... Så eg prøvde meg med kvide sos og brune sos, og kokte og steikte. Eg torde

ikkje eg såg laks mens det sto på.”<sup>235</sup> “Og laks vett du dei fiska her; masse tidligare.....hadde et marakk med laks.”<sup>236</sup>

Det blir og fortald at dei kunne fanga laks i elva med berre nevane: “Me var ute og tok i ånå. Dei der store sviddene eller laks..... han hoppte rett uti han, og fate den i nevane og hivde den på land.”<sup>237</sup> Andre seier at dei ikkje brukte laks sjølv. Den blei seld, bortsett frå at dei kanskje tok av ein som dei røykte og lagde røyke-laks.

#### Hummar og krabbe

Fleire informantar var vane med hummar og krabbe. Dei aller fleste fortel at hummaren blei seld. “Nei, då måtte det vera visst det var ein som det var bare ei klo på, så kunne det henda at me fekk smaka, men ikkje ligavel.”<sup>238</sup> Det blir og understreka at dei ikkje tok hummar som var for liten. Det blei rekna for ei stor skam. Nokre fortel at det blei servert hummar til særskilde høgtider Ein informant fortel at til jul hadde dei prinsefisk i hummarsaus. Ein annan informant seier dei serverte hummar 17. mai.

“Ja, det au var bara til fest. Syttende mai hadde me hommar kvart einaste år. Dei fyrste åra .... då hadde me hommar kvart einaste år, syttande mai. Då gjekk me på omgang.”<sup>239</sup> Attåt hummaren åt dei brød. Krabbe, eller «skryda» som dei helst sa på Jæren, fekk folk på strand-gardane eta mykje av.

“Men det var jo mykje krabbe, så me fekk jo det så. Eller skryda, rettare sagt, sa me,” ...det (skryda) fekk me rikelse av. Men det brukte me å eta mens han var varm,

*den skal jo vera kald. Men me hadde han varm. Og så hadde me melk attåt, det er jo spinngale, det skal jo ikkje vera det. Men me blei ikkje sjuke nokon gong.*”<sup>241</sup>

## Fiskemat

Utover 1900-talet blei det og vanlegare å laga ulike slag fiskemat: fiskepudding, fiskekaker, fiskeboller - og fiskegratengar. Dette er fiskerettar som Hatteland ikkje nemner. Når slik “finare” fiskemat fekk innpass i det daglege kosthaldet på Jæren, kan det nok dels ha samanheng med at mange lærte slik matlaging på husmor-skulane. Og etter kvart blei det vanleg at husmora hadde både ei og fleire kokebøker eller oppskriftsbøker å støtta seg på.

*“Me lagte fiskapudding, me lagte fiskakage, me lagte fiskabolla. Me fekk mykje god fisk i den tida. Dei kom kjørande med fisk ifrå Sele. Ferske nyfiska fisk.”<sup>242</sup>*

Fleire informantar frå Randaberg snakkar om særskilde “fiskekomler”. “Komla av eit særskilt slag var fiskakomla. Det var grovknust fiskefilet forma til runde ballar saman med lök og servert med fiskesuppa til. Nokon annan likskap med vanlig komla ennformen er det ikkje.”<sup>243</sup>

*“Og så lagte me fiskakomlar. Og fiskakomlar det var jyselig godt....det er i grunnen bare fiskadeig - istaden for å steika dei, så lagte du store komlar og så kokte dei i saltvatn.. ...Det var så godt når me skar den komlå av, og så då la kaldt smør oppå, så det rant utover. Det var altså så godt....Grønnsaker og poteter. Og me brukte ikkje noige sos eller noige, me brukte bara det smøret.”<sup>244</sup>*

Denne retten blir ikkje omtala av informantar frå dei andre kommunane.

## Ål og anna ferskvassfisk

Verken hos Hatteland eller i NEG-materialet frå Jæren finn me opplysningar om ål. Men frå Gjesdal har ein opplysning om at både ål og ferskvassfisk må ha hatt rimeleg stor betydning i eldre tid. I ein folgekontrakt frå 1811 heiter det t.d. at folgekona skulle ha 18 kg ål og 24 kg aure om året.<sup>245</sup> Av dei personane som museet intervjuva var fleire godt var vane med ål. Meiningane om ålen er likevel svært delte, sjølv om fleirtalet uttalar seg positivt. Kanskje er det dei som var mest vane med fersk sjøfisk som var minst begeistra for denne skapningen? “Nei. Eg har sakta fått fatt i ål, men du veit det er ikkje tale om. Eg vett ikkje nogen som vil eta den heller,” seier ein informant frå Sola.<sup>246</sup> “Nei, sjå oss vil dei ikkje eta det; ikkje longa ein gong. For det likna så på ådl. Dei kunne ikkje ha det. Dei ville ikkje ha longa,” legg ein annan til.<sup>247</sup> “Eg har ete ådl. Men eg tykte den var ufysen eg. ....Når eg tente, så hadde me ådl. Og salta den au, og kokte den. Og dei skrøtta det var godt. Men eg tykte den likna så på orm, at eg tykte det var ufysen med ådl. Men eg åt det. Eg sa ikkje det at eg ikkje ville ha det,” fortel ei kone frå Varhaug.<sup>248</sup> Andre fortel at dei meir enn gjerne åt ål. Nokre nemner dessutan at dei fiska aure og sik. I følgje informantane blei ålen enten steikt på panna, kokt eller salta.

Ingen nemner at dei røykta ål i den tida, slik som me får servert ål i dag.

Når det gjeld fangstreiskapane og fangstmetodane finnst det litt ulike opplysningar:

*“Ålfiska me både i fløyen, som me kalte det. Me hadde älasekk, så me fiska äl og brukte äl med sommaren, flådde den og brunte den i gryta. Og hadde på den lide granna vatn, og kokte den med brune saus på. Salt og peppar.”<sup>249</sup> “Jau, me fiska aure og ådl, det gjorde me jo. Det har eg jo vore med på sjølv, det. ....Me sette jo ut fiskestenger om nettene som me gjekk og såg på. Då var det ådl me fekk,” fortel ei frå Gjesdal.<sup>250</sup> Ho meiner at den vanlegvis blei koka, men av og til steikt. Ei anna meiner at dei sette ut såkalla ålkjær “.. der så vatnet renne ned i elva”. Ho meiner og at ålen kunne saltast og så vatnast ut og kokast, slik dei gjorde med annan salta fisk.<sup>251</sup>*


Det går elles fram av intervjuematerialet at ål var salsvare. “Men han far kjøpte äl når han kjørte melkå til Sandnes. Han hadde med et spenn så han hadde dei ålane i.”<sup>252</sup>

Somme av informantane fortel at fiske av aure og ål var helst noko som ungane dreiv med. “Det var me ungar som skulle fiska aure, og så fekk me ådl au. Ådl var helst betre enn auren, veit du.....Me bara steikte den på pannå.”<sup>253</sup> “Det hende nok at guttungane fiska noige av og til, nogen pinna. Men det var helst ikkje meir enn at det var så jævt at dei åt det opp sjølv, dei. Så me jentungar fekk ikkje noige av det.”<sup>254</sup> “Ja, me fiska, me ungane. Ådl og aure i bekkjen.”<sup>255</sup> Og fekk dei mykje, blei det til middag. “Trekte av han skinne, og oppå (pannå) med han....Han var litt levande, men han var

jyselig gode.”<sup>256</sup> Auren blei også steikt. Kanskje hadde dei gulrøter eller gulrotstuing attåt, i tillegg til poteter. Ei anna ville heller ha auren koka. “Og det vett du var au bara eple attåt.”<sup>257</sup> Ein informant hugsar det blei fiska sik i Smokkevatnet, og då lagde dei sik-kaker.”Ja, naboen, han fekk fiska sig i Smokkvatne, og kom her, for han fekk så mykje at han kom med full hjulbåra, og så fekk me en del. Så då lagte me sigakage, det var jyselig godt. ....me måtte ta av skinn og bein og mylla han. Så hadde me nok nogen krydde..... Ja, dei var gode. Og så var dei så kvide.”<sup>258</sup> Sik-kakene blei serverte med saus.



Då folk kring århundreskiftet tok til å skaffa seg kjøtkvern blei det enklare å laga kjøtmat og ikkje minst fiskemat.



# Oppskrifter

**Sursild**  
Oppskriftbok frå Klepp.  
1 knivsodd allehånde  
Eddik og vatn.

Reinsk og vask silda. Legg ho 11/2 time i salt vatn. Ta ho opp og tork ho. Legg silda i krukker. Strø løkskiver, sitronbetar og krydder mellom laga. Hell eddik og vatn, helvta av kvart, til det står over silda. Set krukka i gryta med kalt vatn og kok til silda er laus frå beinet.

## Sildekaker

Oppskriftbok frå Klepp.  
1/2 kg reinskore sildekjøt  
150 gr. koke poteter  
1 løk  
1/2 ss potetmjøl  
1/4 ts. pepar  
1 s salt

Mal sild og poteter 2 gonger, tilset det andre. Lag deigen til runde kaker. Steik dei i feitt eller smør.

**Sildefrikase**  
Oppskriftbok frå Klepp.  
6 sild  
3 gulerøter  
1 1/2 l vatn  
1 løk  
5 peparkorn

Legg silda i vatn natta over. Reinsk, vask og skjer ho opp i småstykkjer, legg ho i krukker. Legg tynne løkskiver og pepar mellom laga. Bland sukker, eddik og vatn og slå over. Set det på bordet i krukker eller skåler.

**Sild nedlagd (Ørk)**  
Oppskriftbok frå Klepp.  
8 store sild  
1 l vatn  
4 ss salt  
1 løk  
1/4 sitron  
1 knivsodd nellik  
2 laurberblad  
1 ts. heil pepar

Reinsk og vask silda og skjer ho opp i småstykkje på skrå. Set ho på i kokande vatn og la ho koke til ho slepper beini. Lag sausen av smør, mjøl og sildekraft. Server silda i sausen, likeens gulerøtene som er koka for seg. Salta om det trengst.

**Sildekrokettar**  
Oppskriftbok frå Orre.  
6 sild  
1 ss kveitemjøl  
1/4 ss potetmjøl

1 dl. kavring.  
mjølk eller eggekvite

Reinsk silda. Skrap fiskekjøtet frå skinn og bein og bland det med mjøl og krydder. Lag det til runde kaker eller små pølser. Vend dei i mjølk og mjøl. Steik lysbrune.

## Sildepølser

Oppskriftbok frå Orre.

6 sild  
1 ss salt  
1 ss potetmjøl  
3 – 4 ss. smør  
kavringar  
eller 2 – 3 koke kalde poteter  
1/2 ts. pepar  
1/4 ts. ingefær  
1/4 ts. muskat  
ca. 1/2 kopp mjølk

Mal silda saman med salt og potetmjøl 10 gonger. Rør farsen godt saman. Fyll i tarmar, ikkje for fulle. Kokast og røykast.

Server med kolrabistappe til.

## Sildekarbonader

Oppskriftbok frå Time.

8 sild  
1 1/2 ss salt  
1 1/2 ss. potetmjøl  
1/2 ts. pepar  
1/2 ts. ingefær  
1 kopp støtt brød  
2 koppar mjølk  
1 kopp sur floyte.

## Sild i form

Oppskriftbok frå Varhaug.

1 kg koke poteter  
4 sild  
1 1/2 ss kveitemjøl  
1 kopp mjølk  
1 – 2 egg  
litt støtt brød

Skjer sild og poteter i små stykke og legg lagvis i smurt form. Litt oppskoren skinke kan og has i. Rør ut mjølet til jevning, visp egg og ha oppi. Slå oppi forma og steik i 20 min.

## Sild i grønsaksaus

Oppskriftsbok frå Varhaug.

1/4 kolrabi  
2 gulerøter  
1 pastenakk  
eller persillerot  
litt løk  
1/2 l vatn  
2 ts. salt  
1 ss smør  
1 ss mjøl  
6 sild  
litt pepar

Kok grønnsakene til dei er møyre, reinsk silda og skjer dei frå skinn og bein. Skjer dei i små stykke. Når grønnsakene er koke, tek ein dei opp. Lag ein saus av smør og mjøl, spe med krafta. Skjer grønnsakene i små stykker. Legg dei lagvis med sild og grønnsaker i ei gryte. Slå sausen over og kok i 5 – 10 min. Pepar har ein mellom laga.

## Fiskegrateng

Oppskriftsbok frå Klepp.

100 gr. smør  
80 gr. kveitemjøl  
1/2 l mjølk  
600 gr. kokt fisk  
1/4 ts. muskatblomme  
4 egg  
2 kavringar, pepar og salt

Brun smøret, ha i mjøl, spe litt etter kvart av mjølka. La det koka opp etter kvart. Rør fisken som er reinska og skoren smått opp i sausen. Ha i eggeplommene, pepar og salt. Tilslutt skjer ein i eggekvitene. Ha røra i smurt og strødd form. Steik i god og varm omn, ca 1 time. Torsk og brosma er best til dette, men ein skal helst brukha fiskerestar. Vil ein gjera gratengen drygare, skal ein ha i makaroni.

## Fiskekaker

Oppskriftsbok frå Klepp.

1 djup tallerken fisk  
2 store skeier mjøl  
60 gr. smør  
1/2 ts. muskatnøtt  
1 l mjølk  
1 ss salt

Til fiskekaker er hysa best, men ein kan og bruka lør og sei. Reinsk, vask og skrap fisken, skjer hovuda av, del fisken langs etter beinet. Legg fisken på sildekledde, skrap han frå skinn og bein. Mal fisken 4 gonger med salt og mjøl, og 2 gonger med smøret. Spe med 2 skeier mjølk. Arbeid deigen godt, fortsett på same måte til deigen er høveleg stiv. Steik ei prøvekake. Brun eller kvit saus attåt. Til fiskekraft: skinn og bein av 1 liter vatn og 1 ts. salt.

## Fiskepudding

Oppskriftsbok frå Klepp.

750 gr. skrapa fisk  
60 gr. smør  
1 ss potetmjøl  
1 ss salt  
1 ts muskat  
1/2 l nysila mjølk  
1/2 fløyte

Reinsk fisken og tørk han. Skrap fisken frå halen og oppover. Gni fisken på fjøl, mal han 5 gonger med salt og 5 gonger med smøret som er bruna og godt kjølt. Tilset mjølet. Rør 10 min., spe med mjølk og fløyte. Fyrst mjølka, så floyten. Steik prøvekake. Ha puddingen i smurt form, steik i vassbad 1 – 1 1/2 time.

## Kålruletter av fiskefarse

Oppskriftsbok frå Time.

1 kål, vatn, salt  
1/2 kg. skrapt fisk  
1 ss salt  
2 ss potetmjøl  
muskat, pepar  
5 dl. mjølk, 2 dl. fløyte

## Ølukkfisk

Oppskriftsbok frå Time.

Varm mjølka i gryte, smør og løk has i gryta og kokar. Fisken skal malast og has oppi, litt koke poteter.

## Saltfiskpudding

Oppskriftsbok frå Klepp.

100 gr risengryn  
1 l mjølk  
1/2 kg kokt, salt fisk  
3 egg  
75 gr smør  
pepar  
1 ts hakka løk  
1/2 l vatn

Kok gryna i vatnet 1/4 time. Tilset mjølka og kok til graut. Bland grauten med fisk, egg, salt og krydder. Steik puddingen i former ca. 1 time. Smør til.

## Brun fiskesuppe

Oppskriftsbok frå Nærø.

60gr smør  
60 gr mjøl  
1/2 l fiskekraft  
1 gulerøt  
1 pastinakk  
(små fiskeboller)  
1 skei eplemost  
Brun smør og mjøl. Spe med fiskekraft. Tilsett koke og oppskorne grønnsaker, fiskeboller, salt og eplemost. Kok i 15 min.

## Bakalo

Oppskriftsbok frå Varhaug.

1 kg. fisk  
1 kg. poteter  
100 gr. smør  
1 ts. heil pepar  
1 stok løk  
3 – 4 ss. tomatpurré  
vatn eller kjøtkraft